

Jutusen

2021

Årgang 25
Årsskrift frå Vågå Historielag



Jutulen

2021

Årgang 25
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Aasheim
Tilrettelegging for trykk: Visus
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulen 2021. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut biletet, til annonsørane og elles andre som har gjeve god hjelp.



Utsikt frå Ullinsvin til kyrkja. Kopi av bilde som heng i Ullinsvin.

Framsida: Vågåkyrkja under flåmen i 1938. Foto: Ansgar Brekke.

Innhald

Knut Raastad: Kristningsferda til Olav Digre	side 4
Hans K Ødegaard: Vågå-kyrkja	side 10
Johan Storm Munch: Tre Muncher i Vågåkirken	side 16
Ivar Teigum: Den jernskodde hæl og den milde hand 1680-1720	side 24
Knut Raastad: Hovudbygningen i Ullinsvin	side 34
Knut Raastad: Spanskесjuka	side 36
Ole Kristian Ødegård: Charles Bamford	side 38
Gunnar Ottosen: Lensmenn i Vågå	side 42
Ola Grøsland: Kristian Mo – ein fargerik nordherring med mange roller	side 52
Gunhild Valde Aasheim: «Uppå Øyom»	side 58
Ola Grøsland: Å skrive Vågåmål	side 60
Elise Øyjordet: Vågå-TV «i ei heil smørje»!	side 63
Eirik Haugen: Børsemaker Hans Olsen Hammerløkken	side 64
Jon Preststulen og Eirik Haugen: Preststulen 14. mars 1945	side 66
Dag Aasheim: Litt om Knutsholet og jakt på villrein	side 72
Inger Holbø: Knutsholet 1933 og 2020	side 74
Syver Berge: Formo i Vågåmo	side 80
Vegard Veierød: Den utlagte Pillarviksetra i Bøneslia	side 88
Ola Sandbu: En hilser fra Dronning Maud til en tiåring fra Vågå	side 90
Eldbjørg Gården: Jaquardvev	side 94
Jutulen 2020, tillegg og retting	side 98
Liv Wiborg: Victor Mogens	side 99
Helene Hovden: Historisk skattejakt	side 100
Vågå Historielag: Årsmelding 2020	side 102

Kristningsferda til Olav Digre i 1021

Av Knut Raastad

I 2021 er det 1000 år sidan Gudbrandsdølane vart kristna. Mest kjend er hendingane på Hundorp. Her skal vi sjå på kva som skjedde i Nord-Gudbrandsdalen. Slik skreiv Snorre Sturlason om desse hendingane i «Kongesoger», omsett av Steinar Schjøtt, revidert utgåve ved Rolv Thesen og Sigmund Moren i 1959:

Då hadde kong Olav vori konge i Noreg i 7 år. —— Same sommaren før kong Olav igjennom Nordmøre og Sunnmøre, og om hausten til Romsdal. Der gjekk han i land frå skipa sine og før til Opplanda, og kom fram til Lesja. Der lét han ta alle dei beste mennene både på Lesja og Dovre, og dei laut ta ved kristendommen eller tola dauden eller røma unna, dei som kunne koma til. Dei tok ved kristendommen, gav sønene sine til kongen som gislar på truskapen sin. Kongen var om natta på ein gard i Lesja som heiter Bø, og der sette han inn prestar. Sidan før han over Lordalen og kom



Ein sint kong Olav.

ned ein stad som heiter Stavebrekka. Det renn ei elv etter dalen, som heiter Otta, og det er ei fager bygd på både sider åt elva, som dei kallar Lom, og kongen kunne sjå endelangs ned igjennom bygda. «Det er skade,» sa kongen, «at ein skal brenna så fager bygd.» Han stemnde ned i dalen med folket sitt, og var om natta på ein gard som heiter Nes; der fekk kongen hus på eit loft, som han sov sjølv på, og dette står enno den dag i dag, og dei har ikkje skipla noko på det. Der var kongen 5 dagar og sende omkring bodstikka og stemnde til seg bøndene både frå Vågå og Lom og Heidal, og han la til at eitt av to skulle dei, anten halda slag med han og finna seg i at han brende for dei, eller ta ved kristendommen og gjeva sønene sine til gislar. Deretter kom dei til kongen og gav seg under han; men somme flydde sør i Gudbrandsdal.



Bønder i Gudbrandsdalen.

— Då Gudbrand høyrdে denne tidenda at kong Olav var komen til Lom og nøydde folk til å ta ved kristendommen, skar han opp hær-pil og stemnde alle dølane til å møta han på ein gard som heiter Hundorp.

— Sidan valde dei 800 mann til å fara nord til Breida og speia.

Hovdingen for denne hæren var son til Gudbrand, som var 18 vintrar gamal, og mange andre gjæve menn var med han; dei kom til ein gard som heiter Hov, og var der i tre dagar, og der kom det mykje folk til dei, av dei som hadde flytt frå Lesja og Lom og Vågå for di dei ikkje ville gjeva seg under kristendommen. Kong Olav og bispen Sigurd sette prestar i Lom og Vågå. Sidan før dei over Vågårusta og kom ned i Sel og var der om natta; dei høyrdē tidend om at det var ein stor hær samla imot dei, og bøndene som var på Bredia, fekk spurlag på kongen og laga seg til å slåst med han. Kongen stod opp og hadde hækleda sine på seg og før sør etter Selsvollane; han stana ikkje før på Breida, og der såg han ein stor hær reiug til slag. Då fylkte kongen hæren sin og rei sjølv og tala til bøndene og bad dei ta ved kristendommen. Dei svara: «Du får nok røyne anna i dag enn å apa oss,» og sette dei i med hær-rop og slo med våpna på skjoldane sine. Då sprang kongsmennene fram og skaut med spjut, og bøndene snudde straks og flydde, så berre nokre mann stod etter. Då vart son til Gudbrand fanga, og kong Olav gav han grid og hadde han med seg. Der var kongen i 4 dagar.



Møtet på Hundorp.

— Då tinget vart sett (på Hundorp, stod kongen opp og sa at i Lesja og Lom og Vågå hadde dei teki ved kristendommen og broti ned blothusa sine. Og no trur dei på den sanne Gud som skapte himmel og jord og veit alle ting.

Som Snorre skreiv kom kong Olav frå Romsdalen. Frå Lesja gjekk ferda over fjellet. Reidar Marstein har funne varda ferdelsveg og saman med fylkesarkeolog Espen Finstad har han kartlagt denne opp frå fremst i Lordalen, gjennom Veslskardet, over osen av Råkåvatnet, aust for Honnsjøen og til Stavåsen. Det er mange segner om ferda til Olav Digre. Utanfor Råkåvatnet er det ein Stein som blir kalla St. Olavsteinen, og nedanfor sætra på Stavåsen er det ein Stein som viser merkje etter der kongen sat. Stavebrekka er truleg den bratte lia frå Stavåsen ned til Staurust, og vidare gjekk ferda over vatnet til Synstnes, eller Nes som det heitte før garddeling. Etter tradisjonen skal kong Olav ha hauggje inn ein kross på ein Stein på Synstnes, krossteinen er i dag i elvekanten på uppistugu Synstnes nedanfor Krossåkeren på sygardsynstnes.

I bygdamuseet Presthaugen i Lom står St. Olavstugu som etter tradisjonen var huset som kongen overnattet i på Nes. Denne varda ferdelsvegen frå Lesja kan sjå ut til å halde fram over Lomseggen til Netosætrene og vidare til vestlandet. Det var beinare og enklare å gå over fjellet enn etter dalførerne der det kunne vera vanskeleg å ta seg fram.



Kong Olav fer på gjesting i Gudbrandsdal, nokre år etter møtet på Hundorp.

Etter tradisjonen fekk Torgeir gamle på Garmo fiskevatnet Tesse av kong Olav mot at han bygde kyrkje på garden sin. Den gamle Garmoskyrkja som står på Maihaugen stod ute ved vatnet like ved gardstunet på systugu Garmo, og der kan den fyrste kyrkja ha vore også. Etter den gamle ferdelsvegen frå Bjørgen i Garmo til Storviksøygarden er det ein kross og bokstaven O, ei anna tolking av O-en er at det er merkje etter eine hoven på hesten til kong Olav.

I Vågå lever tradisjonen om at vagverane møtte kong Olav på Tingsvassetta nedst på Kvarbergsjordet, og at dei som ikkje ville ta ved kristendommen ville bli støtt utover Tingsvaberget. Gerhard Schøning nemnde i 1775 at det låg to kjempehaugar av stein på det han nemnde som «Kristvangen» som var sør for nordste Vangen, og Schøning meinte at det var der innbyggjarane i Vågå vart kristna. Trugselen om å bli kasta utover Tingsvaberget kan ha vorte brukt sjølv om møtet med vagverane skjedde nedanfor. Både Haug og Kokkehaugen ved Vang er stadnamnd som kan skrive seg frå desse kjempehaugane. Meir om dette finst i artikkelen «Åsatru og kristendom» av Ola Grøsland i Jutulen 2015.



Ner-Moein ca. 1953, Haug til venstre. Kan dette området vera det som Schøning nemnde som «Kristvangen»? Foto frå Anne Marie Bolstad, Vågå historielags fotoarkiv.

Etter Snorre braut også vagverane ned blothusa sine og kongen og biskopen sette att prest.

Frå Vågå før kong Olav over Selsruste. Christian Skaugen viser til tradisjon om at kongen overnatta på garden hans Ulsvolden som ligg ved den nye jernbaneundergangen på Nord-Sel. Ferda i Nord-Gudbrandsdalen gjekk vidare sørover Selsvollane og enda på Bræe, dette er i Bræebygda på baksida av Lågen der Sel sjukeheim ligg på solsida. Garden Hov låg på Bræe. På Bræe rømde det meste av hæren til son til Gudbrand, også dei frå Lesja, Lom og Vågå som før hadde rømt unna. Det går ikkje fram at desse reiste sørover til Hundorp, så da reiste dei vel heim att og godtok den nye trua.

Teikningar fra Snorres kongesoger.



Også seinare reiste Olav gjennom Gudbrandsdalen, da enda reisa i Gardarrike. Her er minnesteinen på Lesjaskog.

Vågå-kyrkja

Av Hans K. Ødegaard

Når ein skal fortelja om Vågå-kyrkja, da kjem eg så ofte ihug kva professor Meyer sa. Han heldt foredrag åt ein del studentar: «Ho er enestående med det gamle så vel bevart. Andre stader er det enten ødelagt ved måling, eller så er det heile kasta vekk. Men her har det fått lov å stå så vi har ikkje makin til dette interiøret.» Dei eldste opplysningsane vi har om Vågå-kyrkja, det er noko som Ivar Kleiven fortel i ei av bøkene sine. Han seier at ho er fyrste gong nevnt i 1050. Ho stod ikkje eingong på denne tomta. Ho stod på den andre sida av vegen, nærmare prestegarden. Der er det ein liten voll burtpå som heiter «Gåmeilkjørkjegarden» og der har ho sikkert stått. Det var ei lita uanseleg stavkyrkje. Ikkje var det golv, ikkje var det benker og ikkje var det glas. Så lita var ho at når det var gudsteneste laut mesteparten av folket stå ute. Det var ikkje mykje å hjelpe seg med. Storleiken på ho skulle utgjera den firkanten som er frå hovudinngangen og burtåt bannstokken.

Upprinneleg var det tre gamle stavkyrkjer i bygda. Det var ei på Viste, ei på Sandbu og så denne her. Ho skulle vera den eldste og likeeins den vakraste. Etter som folketalet auka i bygda vart kyrkjone for små. Så vart dei nedrivne og flytt hit som ho nå står, men da lei det så langt som til 1600-talet. Kor mykje det er nytta av den gamle stavkyrkja er ikkje så godt å si, men etter kyndige folks utsagn så er både portalane og vestveggen sikkert materialer frå den gamle kyrkja så ho er saman lappa av tri.

Innvendig er det to gamle ting. Det er Kristusfiguren og døypefonten. «Kristusfiguren», sa professor Meyer, «er så godt gjort at det er ein av dei beste som fins i landet.», og han ansåg den for å vera den største kunsti i kyrkja. Professoren har bestemt alder på'n, og han fortalte at den skreiv seg frå 1300-talet.

Døypefonten er den største severdigheite. Riksantikvaren Harry Fett reiste her ein gong. Han sa at dei utskjeringsane var av landets eldste ornamentikk. Maken til dette finn ein på Gogstaskipet og han var



Vågåkyrkja under flåmen i 1938. Foto: Ansgar Brekke.

tilbøyeleg til å tru at det var landets eldste døypefont. Ornamentikken på døypefonten forestiller evigheita. Den eine ringen er smøygd inn i den andre so det har korkje begynnelse eller ende og det er rart å tenkja på at heile bygdas befolkning er døypet der. Det er ikkje så svert lenge sidan vi fekk nye pengesedlar og da dei skulle trykkja dei var dei her å teikna ornamentene på døypefonten. Når du samanliknar det so er det akkurat likeeins. Då dei skulle trykkjast var det ein som heitte Voll Torne som gjorde teikninga.

Kyrkja var, som eg sa, umattbygd i 1600-talet. På den tid var ein dansk adelsmann sokneprest her. Han heitte Kristen Muhle. Han har forert preikestolen til kyrkja. Den er arbeidd av to bygdaskjerarar, ein heitte Øfsteng og ein heitte Siem. Dei skilde seg så godt frå arbeide at då dei var ferdige med akkorden, fekk dei velgja seg den plassen dei sjølv ville i kyrkja. «Og det hadde ikkje så reint lite å seia den tida», seier Ivar Kleiven.

Preikestolen forestiller Jesu liv. Det tek til med bebudelsen då engelen kom til Maria. Så er det fødselen, tilbedelsen, hellig tre konger, kross-

festinga og oppstandelsen. Det reiste ein rektor Brodal her ein gong. Han sa at vi har to fine preikestolar her i landet. Det var i Stavanger domkyrkja og i Vågå.

Så er det ei gamal minnetavle som hang ved sidan av preikestolen. Det er sagt at det skal vera kyrkjas vakkreste symbol. Den nedre innskripsjonen er: «Denne tavle lot doktor Peder Alfsen gjøre til Guds ære, sin datter til ihukommelse, og denne kirke til beprydelse.» «Denne doktor Alfsen», seier Ivar Kleiven, «var ein betydeleg mann». Han var busett i Bergen og vart utnemt til lagmann i Trondheim og som han skulle flytja reiser han tvert over Gudbrandsdalen. Han var i slekt med prestefolket som var her den gongen og så stoppa han opp her. Medan han var her døydde dotteri. Tavla skriv seg frå år 1630.

Over korbogen har vi Christian den 5. kongekrone og monogram. C 5 samansløyngt på både kantar, og så har vi dei fire evangelistane.

Oppunder taket har vi hengande bygdas gamle bygdefane. Etter Ivar Kleivens utsagn så er ho nytta i det kjende skotteslaget i 1612 nede ved Otta. Likeeins var ho nytta i det Trondheimske i 1658 da Trondheim stift var erobra av svenskane. Da var det to Gudbrandsdalske kompanier som var over og tok del i ei trefning. Det eine kompaniet var ført av ein bondekaptein, lensmann Hans Pålsen Tolstad. Fana var lenge oppbevara på Tolstad, men vart seinare flytt til kyrkja. «Det er ein mykje interessant ting å ha», seier Ivar Kleiven. Fana er svert vakker. Ho er av gul og blå silke, Den runde ringen foresstiller ein laurberkrans, og så er det eit fjell med ei gran med navnet Våge. Det er ikkje mange bygder i Gudbrandsdalen som har oppbevara sine gamle bygdefaner frå 1600 talet.

Ved uppgangen til preikestolen har Kristen Muhle sett att sitt våpen-skjold og navnemerke. Det er eit uksehovud og tri roser på ein kvist. Navnet betyr Kristen Muhle og Else Madsdatter.

På veggen oppover kyrkjegards kyrkjesongarstolen er det eit maleri som er sagt det skal vera kyrkjas største verdi. Maleriet forestiller dei fire evangelistane, ein på kvart hjørna. Maleriet Moses og Aron, ein på kvar side, og midtpartiet er øvre delen krossfestinga, nedre delen er stridsmennene som kastar lodd om Kristi kjortel. Innskripsjonen er: «Gud til ære, denne kirke til beprydelse har ærlig og velaktede mann Oluf Tore-

sen Lunde og hans hustru Marta Iversdatter ladet denne tavle bekoste. Anno 1668, 23 januar. Det reiste ein kunstkritikkar her for ein del år sidan. Han sa: «Det skulle ikkje forundre meg om den som har måla dette var påverka av ein av dei største meisterane». Det liknar fullstendig på italiensk kunst. Og merkeleg nok, det kan ikkje måla slikt i våre dagar som dei gjorde for 3 - 4 hundre år sidan. Og han var det som sa at det var kyrkja sin største verdi.

Midt i mot, på den andre veggen, har vi syndefallet med utdrivelsen av paradiset. Det er måla av ein sokneprest Henning Munch i 1694. Han var sokneprest her den tid, og det var vår store målar Edvard Munch's stamfar. For ein 6 – 8 år sidan reiste Edvard Munch her og da fylgte eg han rundt i kyrkja. Han fortalte meg at han viste om at Henning Munch var sokneprest i Vågå, men han tenkte aldri i verda at det skulle finnast arbeid etter honom og han vart da reint bevega. Maleriet tek til med uskyldighetsstand, Der har du kunnskapstreet, Adam og Eva på kvar side, med ormen i midten. På det andre feltet blir dei utjaga. Der har du engelen med sverdet. På tredje feltet der har dei ikkje Edens hage å leva av lenger, Adam må tak til å dyrke jorda. Der ser ein at han driv med plog. På det fjerde feltet sit han og gret over det tapte paradis. På andre veggen er Moses med dei ti bud. Det siste er det aller helligste, parkens ark. Soknepresten har måla fleire ting. Millom anna har han måla natverdsbillede i altertavla. Så har han måla 5 figurar på Håkenstads-stolen. Det forestiller tru, håp, kjærlighet, rettferdighet og barmhjertigkeit. Så har han måla eit barnekistelokk som er oppbevara i sakrestiet. I gamle dagar begrov dei prestane sine under kyrkjegolvet. Sokneprest Munch med familie har legi begrave ved sida av døypefonten. Da kyrkja vart restaurert i 1914 fann dei sokneprestens grav. Det var delvis øydelagt det heile, unntekje barnekistelokket. I kista hadde det legi ein liten gut, son til soknepresten, som var berre eit år da han døyde. Soknepresten har skrevi eit vers på lokket, det lyder slik:

Jeg et år kun var på jorden,
Jorden gjerne jeg forlot.
Ti jeg var til himmelorden
kåret ut ved Jesu blod.

Lokket var funne i 1914, men det har legi under golvet sidan 1685, og er vel bevara. Dei andre kistene har ikkje vore oljemåla derfor var dei så øydelagt som dei var. Eit sikkert bevis på kva maling dei hadde i gamledagar, for lokket er berre vaska reint. Soknepresten hadde to søner, den andre vart vaksen og kunstnar som faren. Han heitte Eggart Munch. Han har måla dei gamle olderborgarane som heng i sakristiet.

I sakristiet har vi ein gammal skriftestol, det er levningar frå katolsk tid. Når ei mor skulle ha eit barn ti dåpen så fekk ho ikkje gå i kyrkja før ho hadde vore i sakristiet og skrifta, derfor heiter det skrifthuset. Mødrene måtte knele på den pallen og presten sat i den gamle skriftestolen.

Altertavla skriv seg frå 1677. Den kompakte delen er dei ikkje riktig sikre på meisteren, men den vakre borden kring tavla er arbeidd av ein som heitte Estin Kjørn, og han var elev åt den kjende kunstnaren Jakop Klukstad. Han har smykka dei fleste kyrkjene i Nord-Gudbrandsdalen og skulle vera landets største kunstnar den tid, seier Ivar Kleiven. Dei to kyrkjeplassane oppå veggen på hjørna har han hatt plassen sin den landskjende Eidsvollsmannen Ola Pålson Håkenstad, og den andre skriv seg frå sorenskrivar Bjerregård. Han var sorenskrivar her i sin tid. Dette er noko som dei har kosta sjølv. Dei hadde sin eigen nøkkel og sin eigen inngang. Ingen har noko med det. Det høynde slektene til.

På kyrkjegarden har vi begrave ein mann som har vorte kjend etter han var død, det er Jo Gjende. Han var Jotunheimens fyrste turistførar og var landskjend som reinsdyrskyttar. Det er sagt om han Jo Gjende: «at ingen har så mange reinsdyrmord på samvetet som han Jo».

Difor fekk han med seg villrein på toppen av gravstøtta. På venstre hjørna er det avbilda ei rupe, og på andre hjørna ein reinsblome. Gravskrifta over han Jo Gjende er eit vers av Vinje:

Eg er som vel du veit ein fjellets mann
Og difor dreg til fjells so titt eg kan.

Støtta er modelert av Gerhard Munthe og hogge av ein treskjerar, Syver Jotun. Han Jo Gjende var født i 1794 og døyde i 1883.

Vågå-kyrkja har vore ute for nogo få kvart. I 1789 og i 1860, var flaumen så stygg at dei rodde millom husa i Vågåmo. I 1938 var flaumen så stygg at det spøkte for kyrkja. Eg kom upp på kyrkjegarden om morgon og då hadde Finna gått like burt til stupulveggen.

Monumenta var nedkanta, gravene var nedsokkje og det såg uhyggjeleg ut.

Når ein har gått ut og inn i Vågå-kyrkja i nesten 40 år så vil eg seia som gamle Skrede sa: «Ein kan verta glad i ho», difor har eg ikkje stonda på å slutte.

Byggmeisteren var ein presteson frå Hedmark som heitte Werner Olsen. Han har ombygt både Ringebu-, Vågå-, og Lom-kyrkja.

Eg har ei bøn til Gud: At alle dei eg har ringt ned har funne fred som overgår all forstand. Eg vil seia som valdresguten sa om Lomen-kyrkja i Valdres:

Lita og brun står ho der så trygg
Med stupul'n attåt som tenar.
Klukkun døm ringde snart tusen år
Og ingenstad let døm penar.

Vågå i mai 1945.
Hans K. Ødegaard

Hans Ødegaard tok til som kyrkjetenar den 6. mai i 1906.

Eg har fått dette notatet tilsendt av Ingebjørg Strøno Sejerstedt. Ho fann det etter at mor hennar, Marie (Malle) Berge Strøno døydde. Ingebjørg ville gjerne at historielaget og soknerådet skulle få eit eksemplar kvar. Eg har skrive det oppatt, men har vore tru mot måten det er nedskrive på.

Ingeborg Berge Båtnes

Tre Muncher i Vågå kirken

Av Johan Storm Munch

3 kunstnere har markert seg i Vågå kirke. De har alle det til felles at de bar familienavnet Munch. De levde i hvert sitt hundreår, og de to første dekorerte kirken i 16 og 17. århundre, den siste, maleren Edvard Munch, beundret dekoren og kommenterte den.

Henning Munch 1646–1698

Den eldste, Henning Munch, var sokneprest i Vågå. Han kom til bygda som kapellan med suksjon, som det het i 1673, under sokneprest Glostrup. Det betyddet at han skulle overta kallet etter soknepresten.

Henning ble sogneprest i 1683. Henning var født på Lesja i 1646, der far hans var prest og moren var prestedatter fra Romsdalen, men familien kom opprinnelig fra Fåberg og tilhørte den Munch-familien som var storgårdeiere i mange bygder i Gudbrandsdalen fra middelalderen av. Familien blir oftest kalt «Blakar-Munchene. Eldstesønnen Henning ble utdannet til prest i Christiania og København. I København tok han også tegne-og maleopplæring slik at han kunne dekorere og tegne. Det var først og fremst i kirker og i herregårder det ble malt dekor og laget bilder på 1600 tallet. Dette var et kunstnerisk uttrykk som Henning hadde glede av livet ut. Kirken i Vågå var blitt flyttet og nybygd til korskirke 45 år før Henning Munch kom til bygda og trengte en dekor som kunne forsterke gudshuset.

Henning dekorerte nordveggen i koret og litt av østveggen. Scenene er datert til 1690 årene. Det er bilder fra historiene i det gamle testamentet. Det er sannsynlig at Henning Munch brukte den illustrerte bibelen til boktrykker og forfatter Matheus Merian fra Basel som viste 250 bilder fra fortellingene i Bibelen. Merian ga ut i Bibelen i 1630 og den ble spredt i Tyskland og Danmark/Norge. Dekorasjonene er utført i sort kontur på hvitmalt plankevegg. Himmelten har Henning Munch holdt i lyseblått. Motivene som ble tegnet er skapelsen, paradiset og utdrivelsen av paradiset med engelen Gabriel som vaktmann. Det er også en



Vågåkyrkja ca. 1900. Foto fra Grete Steigen, Vågå historielags fotoarkiv.

avdeling med barna til Adam og Eva med idyller, lek med ville dyr og en gjeter som sitter under et skyggefullt tre. På østveggen er det to bilder: Moses med steintavlene og et dødsbilde, med teksten: memento mori («husk døden»).

Henning Munch malte disse bildene sammen med bildet på altertavlen i Vågå kirke. Altertavlen er holdt i mørke farger og er typisk fra barokken. Henning Munch har også malt altertavlene i Sel og Heidal kirker. Det eneste kunstverket som Henning Munch har signert, er et kobberstikk som Maihaugen har. Det forestiller Christian Vs reise gjennom Norge i 1685. Landskapet her er skjematiske gjengitt uten noen naturtro stedsangivelse, men den er mulig å se noen likhetstrekk med fjellene i Sel. Kongen er framstilt ridende og rager over fjellene i bakgrunnen. Under kopperstikket er det to dikt, ett på latin og ett på dansk. Det avsluttes med et ønske om ny orden på almissene i Sel kirke. Henning Munch håpet på kongelig hjelp til å «få orden på» disse.



Adam og Evas barn leker i paradis.

Det var et klart kunstnerisk miljø på Ullensvin i 1680 årene rundt kunstnerpresten Henning Munch. På den tida var Magnus Berg (1666–1739) ung dreng på prestegården og lærling hos Henning Munch. Magnus Berg var født i Sel, sønn av Elias messingsmed ved verket der. Magnus Berg ble senere den første nordmann som var berømt i Europa, for sine fantastiske miniatyrskulpturer i elfenben. Han ble tatt hånd om av den dansk/norske kongen og gitt utdanning i Italia. Magnus Berg ble fra 1698 tilsatt som tegnelærer for de kongelige barna i København. Rosenborg slott i København har fortsatt flere av Magnus Bergs arbeider. Han hadde en høy gasje fra kongen som tegnelærer for de kongelige barna og laget mange småskulpturer i elfenben som ble brukt som gaver blant kongelige i Europa. Slik vet vi at Magnus Berg var en anerkjent kunstner blant de kongelige og adelén.

En historie om Henning Munch og unggutten Magnus Berg. Henning og presten i Sel satt en gang i Sel sammen med en major og drakk. Majoren ville skåle med den unge, ukonfirmerte Magnus. Det protesterte Henning heftig på med den følge at majoren trakk sin korde og pirket bort i presten. Henning forlot festen illsint med sin dreng og dro tilbake til Vågå. Det er Magnus Berg som har fortalt historien til sin biograf. I Henning Munchs tid i Vågå var bygda og særlig prestegården et kjent sted for kunst og dekor. Det gav Vågå en plass i barokkirke-

kunsten i Norge som ikke er vektlagt i dag. Henning Munch betyddet mye med sitt familienettverk og sin kunst i Norge, dette opprettholdt sønnen Eggert.

Eggert Munch 1685–1764

Eggert Munch var bare 11 år da faren døde i 1696. Han hadde allerede lagt for dagen anlegg for maling og arvet sin fars malesaker. Eggert ble sendt til sin onkel Anders Munch, yngste bror til Henning, som var prest i Dollerup ved Viborg i Danmark. Men i den familien var det mer slekt til Eggert, fordi Anders Munch var gift med en datter av Eggerts mor og presten Glostrup, altså Eggerts halvsøster. Etter noen år reiste Eggert til København for å utdanne seg til maler. I København fikk han en gammel kjenning fra Vågå som tegnelærer. Magnus Berg lærte Eggert noen finesser i tegning og utdannet han til en god barokk kunstmaler.

Eggert var i København til 1717 og reiste da til Trondheim og hadde male/dekoroppdrag i Trondhjem. I 1723 flyttet han til Vågå og Ullensvin fordi onkelen Anders Munch var blitt sokneprest i Vågå det året. Med Vågå som utgangspunkt tok Eggert Munch på seg mange maleoppdrag i Gudbrandsdalen. Flere votivmalerier i Lom og Skjåk kirker er malt av Eggert Munch. Et votivmaleri er et bilde som er gitt Gud eller det guddommelige for et høytidelig løfte, og ofte hengt opp inne i kirkerommet. Eggert laget også malerier som var i den gamle kirken i Garmo, bildene er i dag i privat eie.

Eggert Munch satte også sine spor etter seg i selve Vågå-kirken. Han dekorerte kirkestolen ute i skipet, den som til daglig blir kalt Haakenstad-stolen. På fem felter har Eggert Munch illustrert dydene håp, tro, rettferd, bønn og kjærlighet. Han har ikke signert bildene, men de er så typiske for Eggerts malemåte at de er tilkjent han, i følge Skrede i hans fortelling om Vågå kirke.

I denne periode malte Eggert Munch mange bilder som folk kjøpte og plasserte i kirkene i Gudbrandsdalen for å hedre en avdød i familien. Med stor sikkerhet kan en fastslå at 58 malerier i kirkene i Gudbrandsdalen er laget av Eggert Munch og så mange som 19 bilder finner vi i Lom kirke i dag. Votiv-bildene til Eggert Munch har bilde av forskjellige bibelske motiver hvor kunstneren kopierte helt eller delvis gamle kobberstikk. Alle votiv-bildene i Lom stavkirke har en innskrift som

forteller hvem som har gitt bildene. Men innskriftene starter alltid med en formular: «Gud til ære Kirken til beprydelse er denne tavle givet til Lom Hovedkirke af» og så følger navnene på giverne og årstall. Eggert Munch malte også altertavler i mange kirker. Den nærmeste er altertavlen i Skjåk kirke.

I sakristiet i Vågå kirke henger det en rekke små portretter av de danske kongene (oldenburgere). De seks første er malt på en så enkel måte at en trur de er malt av Eggert som barn, men de tre siste er malt med sikker hånd og er tydelig malt i den perioden Eggert bodde hos onkelen, Anders Munch i Vågå fra 1723–37.

I en lang periode bodde Eggert hjemme hos prosten i Land, herr Niels Dorph d.y. Der laget han altertavlen i Nordsinni kirke. Til dette bilde brukte han Rembrandts bilde av nedtakelsen fra korset som forbilde. Eggert Munch malte også altertavlene i Ås og Lunde kirker på Toten. Altertavlen i Fluberg kirke, innviet i 1752, er også malt av Eggert Munch. Til den altertavlen brukte han Laurentius martyrium som forbilde. I samme kirke finnes det et Rubens-liknende maleri av Eggert Munch som er malt mellom 1752 og 1756. I denne tiden var Peder Aadnes fra Fluberg læregutt hos Eggert Munch, og fulgte sin lærermester på oppdrag i kirkene i området. Peder Aadnes var født i Fluberg. Mange av de arbeidene Eggert Munch laget i Land betalte prost Niels Dorph d. y. av egen lomme, og prosten ble portrettmalt av både Eggert Munch og Peder Aadnes. Peder Aadnes treffer vi igjen som kjent dekor- og portrettmaler i slutten 1700-tallet. Han har blant annet malt portrettene av Christine Storm Munch og Peder Munch i 1791 da de var prestefolk i Fluberg i Land.

Selv om Eggert Munch reiste mye rundt i landet og var den mest brukte barokk-maler av altertavler og bilder og portretter av ørighetspersoner, ble han ikke en rik mann. I de siste tjue årene av sitt liv bodde han hos sagmester Blix i Fredrikshald, (Halden) og han lot sagmesteren betale for seg. I denne perioden laget han altertavlene i Immanuelskirken i Halden og i Prestebakke kirke. Eggert Munch døde i 1764, ugift og fallitt. Han etterlot seg hos sagmester Blix i Halden en koffert med en lærerbok i kobberstikk, noen malesaker, og i en nattlue lå det tretti riksdaler. Eggert Munch ble standsmessig begravet inne i kirken i Halden, bekostet av sagmester Blix. I ettertid står Eggert Munch som

en av de mest produktive barokk-malere i Norge innenfor kirkekunst og portretter.

Edvard Munch 1863–1944

Kirken i Vågå er det sentrale kulturhuset i Vågå, og det var naturlig at Edvard Munch besøkte kirken på sine turer til Vågå. Første gang Edvard Munch besøkte Vågå var sommeren 1895, og fra det besøket har jeg funnet frem til kunstnerens egne illustrasjoner i en av hans skissebøker, nr 131. Her har Edvard Munch datert skissene slik at vi kan følge han i det han vandrer fra Gausdal gjennom Sjodalen, ned til Randsverk og videre til Vågå. Det siste bildet vi har i skisseboka er tegningen av Vågåvannet idet en sti går over til Sjårdalen. Gården som Edvard sto ved da han tegnet Vågåvannet heter Bergenden.

Vi har ikke noen tegninger av Vågå kirke fra Edvard Munchs hånd. Det er litt forunderlig, siden kirken var så sentral i hans tekster, og bibliotekaren på Munchmuseet ga kanskje svaret på det ved å si at de regnet med at flere av de små skissebøkene til Edvard hadde, var blitt borte i tidens løp, for som hun sa: «Edvard Munch var ingen ordensmann».



Edvard Munchs skisse av Vågåvatnet 1895 sett fra Bergeenden.

Men fra Edvard Munch har vi en tegning av den gamle presteboligen på Ullinsvin, tegnet på Maihaugen i 1925. Den bygningen sto på tunet på Ullinsvin da Edvard besøkte Vågå første gang i 1895, men ble siden fjernet og ble gjenreist på Maihaugen i 1904. Siden Edvard hadde en klar forståelse av at dette var huset som hans farfædre bodde i, tegnet han det selvsagt.

Men Edvard Munch har flere skriftlige utsagn om Vågå kirke.

Edvard Munch kommenterer interiøret slik:

«Presten Henning Munch der i 1600 tallet dekorerte syndefallet i Våge kirke var visstnok vor familie – jeg så dekorasjonen den var interessant holdt i sort og hvidt». I et annet utsagn har Edvard Munch en faglig vurdering: «Henning Munch har med to nyanser i grått fått frem klare nyanser i sine bilder i Vågå kirke»

I et brev til sin gode venn Jens Thiis som var direktør for Nationalgalleriet skriver kunstneren i 1925:

«Jeg er i Vågå vet De at min slekt kommer herfra på kirkegården fant jeg gravstener med både Munch og Bjørstad. Det er merkelig det er de familiene som sloss i meg og får meg til å lage kunst.» Det er dokumentert at Edvard Munch besøkte Vågå 5 ganger i løpet av sitt liv. Besøkene var fra 1895 til 1930-årene, og det er bare kirken han kommenterer spesifikt fra Vågå i brev og notater. Derfor må vi si at kirken og kirkegården var sentral for Edvard Munch i Vågå, i tillegg til landskapet og familiehistoriene han hadde hørt av sin far. For Edvard Munch var Vågå arnestedet for farsslekta og kirken var i sentrum av den bevisstheten.

Kilder:

J. E. Brodahl: Henning og Eggert Munch. Kristiania 1911

A. Skrede: Vågå kyrkja og Vågå kyrkjegard

Åshild Paulsen: Magnus Berg, En kunstner ved kongens hoff

N. H. Prehn: Den berømte Kunstner Magnus Bergs Levnetsløb, København 1745

Vera Henriksen og Anne Mette Kolden: Lom stavkirke, 2000



*Vågåkyrkja innvendig medan det var vedfyring.
Foto frå Gunnar G. Sandbo, Vågå historielags fotoarkiv.*

Den jernskodde hæl og den milde hand 1680–1720

Av Ivar Teigum

I salmen "Elsk din neste, du kristensjel" held Bjørnstjerne Bjørnson fram i grundtvigianske vendingar: "tred ham ikke med jernskodd hæl, / ligger han enn i støvet". På 1800-talet var det framleis levande det hierarkiske verdsbildet frå tidlegare hundreår med ein altoverskodande Gud aller øvst. Hans representant på jorda var kongen av Guds nåde med sitt kyrkjelege og verdslege embetsverk overskodande ein allmuge med forpliktingar til nivåa over. Almugen var også lagdelt med jordeigande bønder og bygselmenn og husmenn over det lause folket og kvinnene. Bjørnsons salmen held fram med denne utsegna: "Alt som lever er underlagt/kjærlighetens gjenskapermakt". Omskrive i tidlegare tiders verdsbilde ville dette seia at den overordna som ein far synte omsorg for den underordna, som såg nytte og trøyst i å innordne seg systemet med personlege band. Framleis øygnar vi skimten av patronar og klientar.

Attende sist på 1600-talet skal vi møte allmugen i Ottadalen i ei sak som gjeld ein bygselmann og ein husmann som opplevde å bli utkasta frå bruken sine av ein nytilsett sokneprest i Vågå. Motsett forgjengarane sine let presten bokstaven i lova gå føre sikre og romslege bygselinntekter. Med stønad frå sorenskrivaren og sidan assessoren Henrik Jacobsen Schmidt kan vi følgje dei to bygdekarane på vandring oppover i maktapparatet, til styremaktene i København, og sidan gjennom ein lagmannsdom til ei endeleg tapt sak i overhoffretten. Etter matrikuleringa av jorda i tiåra før vart dei to plassmennene tildelege representantar for det norske husmannsvesenet, som så langt ennå ikkje hadde funne si endelege form.

Soknepresten i Vågå frå året 1700 var knapt komen i stolen før han la seg ut både med allmuge, andre medlemer av embetsstanden og sine overordna. I forholdet mellom den nye vågåpresten og Henrik Schmidt kjem nykomaren ut som ein omsynslaus prinsippryrttar medan den

veletablerte sorenskrivaren ter seg som allmugens talsmann og forsvarar. Innanfor ei klientskapande ramme ville både Henrik Schmidt og dei tidlegare prestane i Vågå vera hjelpsame med å skaffe jord mot ei avgift og eit personleg band i samsvar med eit aukande behov. Vilhelm Dop let heller nokre oppsitjarar stå på berr bakke enn å vike unna eit prinsipp.

Utanfor sirkelen kring Gyldenløves bord

Presten Frederik Grüner vart avløyst av Vilhelm Dop etter berre tre år i tenesta i Vågå prestegjeld. Frederik var soneson til kongens myntmeister Peter Grüner, han som mellom anna også var leiaren i det første partisipantskapet for koparverket i Sel. Mor til Frederik var som enkje herre over store eigedomar i Christiania, mellom dei møllebruket Nedre Foss i Akerselva. Som sitt første kall vart den nyutdanna og nygifte sonen utnemnd til prest i Vågå prestegjeld frå 1697. Kona hans var Anna Hedvig, brordotter til general Carsten Herman von Hausmann.



*Den gamle prestgardsbygningen som presten Grüner fekk bygd i 1698.
Kopi av foto som heng i Ullinsvin.*

Det unge presteparet lengta etter å finne att plassen sin ved slektingen Gyldenløves bord i Larvik. Anna Hedvigs ettermæle i Vågå som kaut og kry, er ein mogleg peikepinn om det. Ein annan er den nye bygningen dei let reise i Vågå prestegard i same stil som Gyldenløves residens i Larvik, og som omsider kom til Maihaugen på Lillehammer.

Grannesoknet til Larvik er Hedrum, og der sat Vilhelm Dop som prest. Det gjekk ikkje lenge før dei to prestane skulle "indbyrdis være bleven foreenet om at omvexle Kald med hinanden", som kongens halvbror uttrykkjer det i vedtaket. Vilhelm Dop hadde tent som prest i Hedrum sidan 1678. Under prestgarden i Hedrum låg fleire bruk og plassar. Dop hadde kjøpt i tillegg ein fullgard skyldsett til fire huder som Grüner tok over ved embetsbytet. I sjølv prestegarden hadde Dop, like eins som Grüner i Vågå, fått utført ein del byggearbeid på 1690-talet.


Ikkje jordegodset, men truleg embetsinntektene kunne vera noko mindre i Vågå. Det er likevel ikkje der ein best ser kven som drog det lengste strået av dei to prestane. Frederik Grüner var ein ung mann som flytta til sin nærmeste svigerfamilie og til eit av dei mest fornemme sentra i landet. Vilhelm Dop vart forflytta til eit framandt kall etter mange år, og møtte der ein veletablert embetsstand som han straks tok til å utfordre.

Like mykje som høge og låge innanfor allmugen, vart sorenskrivaren eit mål for vreiden til presten. Ei sak som Vilhelm Dop straks tok opp, galdt vedlikehaldet av Sundbrua ved austenden av Vågåvatnet der både han sjølv og sorenskrivaren var partar saman med bøndene i hovudsoknet, Henrik Schmidt ikkje minst som kongens fremste lokale representant. At embetsgardane skulle synfarast for kvar ny tenestemann, var det vanlege. Men ikkje minst hos den nye presten i Hedrum vekte det ei viss oppsikt da Vilhelm Dop først etter eit år i Vågå kravde ein gjennomgang i prestegarden med forgjengaren til stades. Også bøndene som hadde vore med på finansieringa av den nyreiste prestebustaden i Vågå, reagerte. Til føremålet hadde dei gjeve to riksdalar for kvar fullgard i hovudsoknet, til saman 120 riksdalar. Alt det første året i Vågå sa Dop opp alle plassmennene under prestegarden. Direkte var dette eit tap for dei det gjekk utover. Indirekte representerte oppseiinga ein sterkt kritikk mot fleire forgjengrar i prestekallet, familiar som framleis hadde mektige representantar i distriktet. I spørsmålet om vilkår og erstatning for plassfolket til presten tok Henrik Schmidt eit standpunkt som ville gjera skaden så liten som råd for dei som den harde lina til Vilhelm Dop gjekk ut over.

Formalisme mot patronat: Prest, sorenskrivar og allmugemenn

Jakob Helgeson og Eilev Einarson var to karar i Vågå som brukte kvar sin plass under Vågå prestegard. Bruket som tilhøyrde Jakob, heitte Kvea og låg i utmarka under avlsgarden Søre Sunde der vi tidlegare har vore innom. Plassen Hagen som Eilev brukte, låg i utmarka under sjølve prestegarden. Eilev Einarson var skulelærar. Den 22. oktober 1705 skreiv desse to eit langt klagebrev til kongen etter at dei med vald og makt hadde vorte utkasta frå heimane sine. Ein laurdagskveld til den eine og måndagen etter til den andre hadde soknepresten sine tenestekarar kome med hestar og fem plogar, og hadde øydelagt åkrane deira. Dette var klimaks i ei sak som hadde utvikla seg i ein periode på seks år. Statthaldaren tok inga avgjerd, men sende saka vidare til kongen og viste til alle dokumenta som alt fanst i protokollane frå før.

Nå var ikkje soknepresten den einaste som dreiv med utkasting av småfolk. Eit tiår tidlegare hadde bonden Knut Tolstad freista kaste ut enkja Marit Rusten frå eit plassbruk som ho hadde fått lovnad på å behalde



Sygard Sunde ca. 1950. Bilde frå Norske gardsbruk 1953.

livet ut. Knut hadde selt dette allmenningsbrukskoret på to skinn for god fortjeneste til ein annan. Knut var bror til Pål Tolstad, ein av dei største bøndene i hovudsoknet, og åtte storgarden Tofte i Dovre. I saka til Marit Rusten greip statthaldaren inn og lovde enkja pengehjelp til sakforsla om det vart nødvendig. Saka mellom presten og dei to plassmennene derimot splitta embetsverket: Prest mot sorenskrivar, lagmann mot visestatthaldar. Kongen sjølv var kjend med saka. På den eine sida hadde den einskilde presten etter lova ingen rett til å avhende nokon del av prestegodset som kunne forringje verdien for etterfølgjarane. På den andre sida burde oppsitjarane som vart utkasta, få ein frist til neste vår for å avvikle. Dei burde få ei erstatning etter takst for arbeidet dei hadde lagt ned, og høve til å selja husa dei hadde sett opp om ikkje presten ville kjøpe dei. Desse omsyna, som sorenskrivaren gjekk inn for etter vanleg skikk, nekta Vilhelm Dop harnakka å gå med på.

Med utkastingane sine gjorde vågåpresten Vilhelm Dop om inkje ei utvikling som tre prestar før han i kallet hadde hjelpt fram. Av klagebrevet frå Jakob i Kvea og Eilev i Hagen går det fram at far til Jakob fekk rydde opp ein plass til seg og sine på 1660-talet medan Frederik Glostrup framleis var prest i Vågå. Faren hadde betalt bygsel og ei årleg leige. Da mora vart enkje, betalte ho bygsel til den neste presten Eggert Stockfleth. Etter henne hadde både bror hans, som nå var død, og Jakob sjølv betalt bygsel til dei neste prestane Henning Munch og Frederik Grüner. Eilev i Hagen hadde rydda plassen sin på 1690-talet, og lovnaden frå Henning Munch var at bruket kunne bli skyldsett så snart Eilev var i stand til å betale. Og det hadde han gjort.

Men så kom Vilhelm Dop i kallet, og han gjekk straks til sak for å få plassfolket fjerna same kva dei hadde betalt. Han stevnde saka inn for lagmannen i Christiania, Peder Blichfeldt, og der fekk han medhald. Ettersom dei korkje kunne lesa lagmannsdomen eller føre saka si på lagtinget, tok Jakob og Eilev tigarstaven fatt og drog til København vinteren 1701-02. Derifrå fekk dei med seg brev til visestatthaldaren og biskopen. Vågåpresten skulle kallast inn til forliksmøte i Christiania. Der måtte dei to plassmennene få erstatning for bygningar og arbeid, og dessutan få attendebetalt bygsepengane dei hadde lagt ut.

Attende i Christiania var visestatthaldar Gabel bortreist, og lagmann Blichfeldt var den som tok imot dei. Det einaste dei fekk med seg derifrå

var innkallinga til Vilhelm Dop. Det gjekk han ikkje med på da dei kom heim, og med det fekk dei gå tomhendte frå Vågå til Christiania enda ein gong. At styresmaktene i København likevel følgde med på utviklinga i saka, går fram av eit kongebrev datert Jægersborg den 3. september 1702. Kongen hadde teke imot ein supplikk frå Vilhelm Dop med påteikning ”hvoraf J self kand see hvad hand anfører imod Soren-skriveren Henrich Jacobsen Smit samt tvende Huusmænd der i gieldet ved navn Jacob Helgesen og Elef Enersen, anlangende deris allerunder-danigste besværing og Klagemaal over hannem”. Presten hadde hevda at sorenskrivaren gjorde felles sak med dei to oppsitjarane imot han.

I von om at alt skulle ordne seg etter den andre turen til Christiania, vende Jakob og Eilev attende til plassane sine, og Eilev fortel etter at dei var utkasta tre år seinare, at han i tida etter byturen hadde lagt seg ekstra i selen med forbetingar. Tida gjekk fram til april 1705. Da kom brevet frå København som stadfesta krav frå Vilhelm Dop om at lagmannsdomen måtte bli ståande ved makt, og setjast ut i livet. Når så Jakob og Eilev søkte hjelp for å få saka si fremja for overhoffretten,



Delar av Kveom låg under sygard Sunde som var avlsgard til prestgarden.
Foto: Ansgar Brekke, Vågå historielags fotoarkiv.

gjekk presten til aksjon med tenestekarane sine og øydela åkrane deira. Etter det gjekk Jakob og Eilev for tredje gong med tiggars stav i hand til Christiania. Men der vart dei framleis nekta å sjå lagmannsdomen, og vende seg på nytt til Hans Majestet.

Jakob Helgeson skreiv det første klagebrevet sitt til statthaldaren den 20. januar 1701. Der går han mellom anna inn på familieforholda som gjorde at brukarskiftet og med det byggselavgiftene hadde vorte så mange. Foreldra hadde i alle fall hatt tre barn. Ei dotter var ufør og sengeliggjande. Etter at ektemannen var død, hadde mora fått seg ein ny mann. Og landherren, som da var Henning Munch, reagerte med trugsmål om utkasting eller betaling av ny avgift. Eldste broren var soldat og gift da han tok over plassen frå mora, men døydde etter stutt tid. Enkja kjøpte Jakob ut med to tønner korn attåt ny avgift til presten Frederik Grúner. For rydningsplassen var det på 36 år betalt 59 riksdalar i byggselavgift og ein dalar i årleg leige.

Som kommentar til denne supplikken gav Vilhelm Dop ei fråsegn ein månad seinare. Det var ikkje berre Jakob Helgeson presten ville bli kvitt, men til saman åtte plassar der forgjengjarane i prestekallet hadde late rydningsmenn bli sitjande. Til nå var det berre Jakob som hadde protestert, og derfor tykte Dop det var nødvendig å statuere eit eksempel. Jakob Helgeson hadde Kvea etter den eldre broren, men budde sjølv på plassen Moen. Og der budde mora og systera saman med han. I Kvea hadde dei teke inn ein framand person "Norden fields fra, med sin hustrue og andre inderster". Dette nemnde ikkje Jakob i supplikken, og han hadde ikkje bede presten om løyve. Etter lova var det i seg sjølv årsak god nok til utkasting. Skilnaden mellom Jakob Helgeson og Eilev Einarson var at Eilev først hadde starta opprydjinga på plassen Hagen på 1690-talet, lenge etter at matrikkelen var utarbeidd i 1668. Under vitneavhøyra la elles båe vekt på at plassane deira var opprydda i utmarka, "i tyche Kiøren" og "tyche toldskoven". Og tømmer hadde i alle fall far til Jakob skaffa seg utanfor prestegardens grunn. Mellom sorenskrivaren og presten stod to rådville plassmenn.

Etter den endelege utkastinga av dei to oppsitjarane under Vågå prestegard i 1705 gjekk det tre år. I 1708 var Henrik Schmidt oppnemnd til assessor i overhoffretten, eit verv som han utan habilitetshinder kunne sitja med ved sida av embetet som sorenskrivar og viselagmann.

Den same hausten gjekk kongen med på at saka mellom presten og dei to oppsitjarane kunne prøvast i overhoffretten. Den første gongen kom saka opp i 1709, men vart utsett inntil Jakob og Eilev kunne vise at dei var i stand til å betale ei erstatning til Vilhelm Dop i fall dei tapte. Året etter kom saka opp på nyt, og denne gongen med full siger til presten i samsvar med vurderinga til lagmann Peder Blichfeldt. Av dei fem domarane vart Henrik Schmidt ståande åleine i kravet om kompensasjon for nedlagt arbeid på plassane og tap av bygningiar. I staden vart presten tilkjend til saman 40 riksdalar frå dei to mennene for omkostninga han hadde hatt.

I det hierarkisk oppbygde samfunnet på 1600-talet har vi sett at ein viss kommunikasjon kunne gå føre seg mellom botn og topp. Jakob Helgeson og Eilev Einarson var blant dei mange som gjorde reisa si til kongens København for å bli høyrde. Hausten etter har styresmaktene teke imot ein supplikk frå vågåpresten der han skuldar sorenskrivaren for å ha gjort felles sak imot han med dei to leiglendingane. Og kanskje kunne presten ha noko å fara med. Utforminga av supplikkane frå allmugen



T.v. bygningen som presten Grüner fekk sett opp i 1698, samanbygd med studeren. T.h. nåverande bygning som presten Dop fekk sett opp ca. 1713, den vart nedteke og ombygd i 1777. Kopi av bilde som heng i Ullinsvin.

var som regel settet på papiret av sorenskrivaren. Finansieringa av saka i overhoffretten sju år seinare er det vanskeleg å sjå at dei to saksøkjarane kunne greie utan hjelp, og den næreste til å hjelpe var den nyoppnemnde assessoren som einsleg i retten tala deira sak til siste slutt.

Uvennskapen mellom soknepresten i Vågå Vilhelm Dop og sorenskrivaren Henrik Schmidt hadde fleire sider. Det galdt personlege forhold, og det galdt den embetsmessige behandlinga av allmugen. Liksom i saka med dei to leiglendingane, ser fleire ting ut til å ha nådd eit kritisk punkt i 1705. Da ba Henrik Schmidt statthaldaren om å få nytte ein setjeskrivar til å dømme i ei tre år gammal gjeldssak mot presten. Det dreia seg om 80 riksdalar som Vilhelm Dop ikkje hadde betalt attende trass i mange purringar. Berre nokre veker seinare gjekk presten til motaksjon i ei sak der han meinte sorenskrivaren solidariserte seg med enda ein bygdekar imot han.

Ole Veggum og den forhatte skyssplikta

Vilhelm Dop byr fram mange døme på avstanden som kunne råde mellom embetsmenn og allmuge i tilfelle der avstand og prinsipp tedde seg som viktigare enn personlege møte og omgang over standsgrensene. Skysskaren Ole Veggum var ein av dei som våga å ta til motmæle, og som, om ikkje anna, på den måten vart eit talerøyr for ein allmuge som ikkje lett let seg kue.

Når presten skulle halde messe i Sel anneks, gjekk den vanlege vegen over Vågårusta og ned til Sel. Garden Veggum ligg lengst nede i Ottadalføret, meir enn to mil frå Vågåkyrkja og prestegarden.

I forhold til dei to kyrkjene budde Ole Andersson Veggum i det tredje hjørnet i ein tilnærma likesida trekant. Likevel fall det på han å køyre vågåpresten bort og heim frå messe på Sel kvar femte helg, først frå Veggum om Vågå for å hente presten, og så over Vågårusta til Sel. Etter ei overnatting som skysskaren sjølv måtte betale, bar det attende den same vegen om prestegarden i Vågå når messa var over dagen etter. Til saman var det ei køyrelengde på to gonger fire mil.

Det tronddest god kjemi for at eit vennskap skulle utvikle seg mellom presten og skysskaren under desse turane. Til slutt var Ole Veggum så irritert at han klaga over presten på bygdetinget, og sidan følgde han opp med ein supplikk til statthaldaren. Attåt det med skyssen let han det

koma fram at han fleire gonger hadde kjent seg trakassert under skrifte og altargonge, og at presten hadde sett seg imot å døype eit av barna hans fordi dei drygde for lenge med kristninga. Årsaka var at dei ville vente med barnedåpen til isen la seg på elva Otta. Det mest alvorlege for Ole Veggum var kanskje at presten hadde selt unna tiendkorn frå kastbua som Ole hadde betalt for. Som elles såg ikkje presten seg forplikta til å møte på bygdetinget. Frå sorenskrivaren rekna han neppe med støtte. Henrik Schmidt var nå i ferd med å førebu eit søksmål mot presten i gjeldssaka mellom dei. Alt dette var nettopp på den tida Vilhelm Dop også sende karane sine til plassane Kvea og Hagen for å rasere åkrane.

Presten Vilhelm Dop vart sitjande i kallet i over tjue år. Sakene han var part i under dei ti første tenesteåra i Vågå, viser mest av alt ein pengeglad og arrogant formalist. Som nykomling til eit distrikt der embetsfamiliane Schmidt, Stockfleth og Munch var vel etablerte, hadde han med ein gong kome på kant i alle fall med sorenskrivaren. Alle passa dei på rettane og interessene sine både overfor kvarandre og allmugen, men med klokskap og fleksibilitet kunne det variere. Medan Vilhelm Dop både streva med pengesaker og skapte misnøye omkring seg, var Henrik Schmidt den som med åra vart ein grunnrik mann, og som samstundes skapte seg eit positivt omdøme som levde vidare i folkeminnet lenge etter at han var borte. Omsider gjekk vågåpresten skorne av seg i forhold til sine overordna. Etter mangelfullt utfylte manntalslister i dei tre åra 1708-10 der han mellom anna hadde utelate medlemmer av sin eigen husstand, vart han idømd 110 riksdalar i bot for embetsforsømming.

Ein komplett versjon av artikkelen «Embetsfolk og allmuge i Vågå 1680–1720» med noteapparat og litteraturliste kan hentast ned som pdf-fil frå internett.

Hovudbygningen i Ullinsvin

Av Knut Raastad

Presten Vilhelm Dop fekk ca. 1713 sett opp ny hovudbygning i Ullinsvin. Da Johan Storm overtok som prest i 1745 vart det halde synfaring. Huset hadde enda ikkje „*taget Forraadnelse*,“ men det var så „*ilde optømret, og saa kaaldt om Vinteren, at neppe nogen kann have Tilhold deri ...*“

Det som måtte gjerast var: „.... *Huuset paa den søndre Ende at opveje, Gulvet i den største Stue at indlægge, Vinduerne deels af nye at forfærdige, og deels uti nyt Blye at indfatte, Dørrene og laasene at giøre forsvarlige, Taget at reparere, Huuset at undermuure, et nyt loft over de øverste at de Mellemste Værelser at bekoste, og endelig for Væggene udi den største Stue og paa Sahlen at Bordklæde, saasom de bemeldte Værelser umulig kann dessuten haves Tilhold i ...*“

Etter at Peter Munch overtok som prest vart det i 1777 halde ny synfaring, og bygningen var da så därleg at presten ønskte nytt hus. Dette ville ikkje allmua i Vågå vera med på, i staden vart bygningen teke ned og reparert. Tømmernovene vart haugge av og bygningen vart sett opp att. Bygningen vart da noko mindre.

Professor og målerikonservator Jon Brænne som har undersøkt fargebruk og detaljar i ulike rom, har kome til at det skjedde ei større modernisering i perioden ca. 1830–1835 under presten Hans Peter Scnitler Krag. Ei omfattande endring kom ca. 1930–1935 under presten Karl Eugen Birkelund. Frå Riksantikvarens arkiv har Brænne fått tak i oppmåling frå 1928 som viser grunnplan slik det såg ut da. Vi merkar oss at nåverande kjøkken er det som den gongen var spisestugu og indre del av kontoret. Det som nå er peisstugu var den gongen kjøkken, og noko av det rommet vart frådelt til anretning og gang. Det vart gjordt liknande endringar i vestre delen av andreetasjen.

Kjelder:


*Kjell Marius Mathisen, Maihaugen årerbok 1999: Prestgården i Vågå
Jon Brænne, Rapport nr 12/2019: Vågå Prestegård, Ullinsvin*

VAGA PÅSTEGÅRD.


Næringsareal.

30x16a.


1 2 3 4 5 6 7 8 9 10 11 12 13 14 15 16 17 18 19 20 21 22 23 24 25 26 27 28 29 30 31 32 33 34 35 36 37 38 39 40 41 42 43 44 45 46 47 48 49 50 51 52 53 54 55 56 57 58 59 60 61 62 63 64 65 66 67 68 69 70 71 72 73 74 75 76 77 78 79 80 81 82 83 84 85 86 87 88 89 90 91 92 93 94 95 96 97 98 99 100 101 102 103 104 105



Andre etasje 1928



Fyrste etasje 1928



Fyrste etasje 2019

Spanskesjuka

Av Knut Raastad

Spanskesjuka var ein influensaepedemi i perioda 1918–1920 med mellom 50 og 100 millionar daude. Mange fleire var sjuke og mange fekk varige men. I Norge døydde omkring 15000. Klokkarboka for Vågå prestegjeld viser dei som døydde her. Frå 12. oktober til 4. desember 1918 vart ni dødsfall merka med dødsårsaka «den spanske syke», «lungebetendelse eller den spanske syke» og «lungebrand etter den spanske syke». I tillegg var «lungebetendelse» eller «lungebrand» dødsårsaka for seks andre i same perioda, og når det var svært få andre som døydde av lungebetennelse i åra 1918–1920 er det lett å konkludere med at også desse vart ramma av spanskesjuka. To av tre som døydde i Norge bukka under i oktober til desember 1918.

I andre delar av landet var det også ei fyrste bølgje våren og sommaren 1918, og seinare nye bølgjer utover vinteren 1919 og til slutt fyrste halvår 1920. I Vågå finn vi også to dødsfall av lungebetennelse i februar – mars 1919 og to i april – mai 1920, men lungebetennelse kunne vera dødeleg om den ikkje kom frå spanskesjuka også så desse tek vi ikkje med.

Dødsfall der spanskesjuka vart nemnd:

12.10.1918 treskjærer Ole Frantsen Bøe f. 1882, bopel Bjørkebakken

16.10.1918 forpakterkone Kari Johannesdtr. Hølmo f. 1877,
bopel Prestegården

19.10.1918 husmannsdtr. Signe Olsdtr. Hjellum f. 1900, bopel Hølmo

22.10.1918 budeie Anne Larsdtr. Nyhus f. 1871, Skjåk, bopel Finstad Vågå

22.10.1918 arbeiderske Rønnaug Nilsdtr. Dalen f. 1856, bopel Kvarberg

01.11.1918 arbeiderske Sigrid Olsdtr. Øyen f. 1850, bopel Øyen

18.11.1918 gårdbrukerdatter Marit Olsdtr. Stokkestad f. 1898,
bopel Hage i Lesja

22.11.1918 tjenestejente Anne Haakonsdtr. Ramstuen f. 1893,
bopel Ramstuen

04.12.1918 barnet Gunhild Olsdtr. Kleppe f. 1916, bopel Kleppe

Dødsfall der berre lungebetennelse eller lungebrann vart nemnd:

19.10.1918 gårdbrukerdatter Anne Hansdatter Resvoll f. 1898,
bopæl Resvoll

22.10.1918 arbeider Ole Torson Dalen f. 1884, bopæl Kvarberg

22.10.1918 barnet Hanna Ingeborg Hansdtr. Dalestuen f. 1911,
bopæl Dalestuen

25.10.1918 husmann Erland Erlandsen Steinen, bopæl Steinen

02.11.1918 arbeider Iver Olson Øyen f. 1862, bopæl Øyen

07.11.1918 tjenestejente Kari Olsdtr. Råstadlykkja, bopæl Kvarberg

Kjelder:

Digitalarkivet.no: Klokkarbok for Vågå

Store norske leksikon: Store medisinske leksikon

wikipedia



Tre av dei døde hadde bopæl på Kvarberg. Foto fra Asbjørn Kvarberg, Vågå historielags fotoarkiv.

Charles Bamford

Av Ole Kristian Ødegård

Lorden i «Øvre Sjaadalen» som ikke var en lord

I mitt arbeide med historien om Jo Gjende, kom jeg tidlig i kontakt med Tor Varpestuen fra Skåbu. Femte generasjon turistvert etter Sjur Sande på Sikkilsdalsseter. Tor fortalte meg en dag at Jo Gjende var en indirekte årsak til at hans familie ble turistverter på Sikkilsdalsseter. Denne historien ble jeg svært nysgjerrig på, og i 2017 tok jeg fatt på arbeidet. Året etter, altså i 2018, var det 150 års jubileum for familien Sande som turistverter i Sikkilsdalen, og planer om en markering av dette var på «beddingen».

Denne historien starter i 1860 årene med at Charles Bamford reiser til Norge og Nord Gudbrandsdalen. Han blir kjent med Jo Gjende og trolig flere av hans lille omgangskrets. Jo blir etter hvert fjellfører for Bamford. I 1868 kjøper Bamford Sikkilsdalen og har planer om at Jo skulle bli turistvert og fjellfører i Sikkilsdalen. Det går ikke slik Bamford hadde tenkt. Jo og Bamford ryker uklar, og Jo setter Bamford i kontakt med Sjur Sande fra Vågå. Det ender med at Sjur blir ansatt som turistvert og fjellfører i Sikkilsdalen samme år.

Men hvem var denne Charles Bamford. Det ble sagt at han var Lord og at han skulle være gift med en dame som hadde royal bakgrunn. Jeg begynte å lete etter bilder av denne karen, men fant ingen. Det var Knut Raastad i Vågå Historielag som tipset meg om at Røyken Historielag hadde jobbet med dette temaet for noen år tilbake. Jeg tok kontakt for å høre om de kunne hjelpe meg videre. Jeg hadde fått en ide om å levere et bilde av Bamford til vertskapet på Sikkilsdalsseter, og kanskje kunne jeg få vite mer om denne «Bamforden» også. Svaret kom raskt fra en kar ved navn Kåre Selvik. Han kunne bekrefte at de hadde jobbet med temaet tidligere, og at de nå hadde lyst til å starte opp igjen arbeidet med bakgrunn i min henvendelse.

Snart to år er gått, og nå er resultatet av deres omfattende arbeid publisert i Årbok for 2019 Røyken Historielag. Siden jeg hadde hatt kontakt med dette historielaget under denne prosessen, sa jeg meg villig til, å lage et resyme for Vågå Historielag av det de har funnet ut om Charles Bamford, og med spesiell vekt på det som gjelder vårt område, Sjodalen. (Fra gammalt av ble uttrykket Sjaadalen brukt).



Bilde av Charles Bamford med familie trykt i Årbok 2019 Røyken Historielag. Eier: Erik Bagle.

Charles Bamford er født 1839 i Hull England. Hans far drev handelsvirksomhet med bearbeidede skinnvarer. Hans bestefar var vinhandler i Liverpool. Faren dør i 1857 og bestefaren dør i 1860. Bamford arver en betydelig sum penger. I dagens verdi er arven anslått til over 119 millioner kroner. Bamford starter sin universitets utdannelse i Cambridge St Johns College i 1858. Han tok en Bachelor i kunst i 1862 og en Mastergrad i 1865.

I 1863, samtidig som han studerer i Cambridge, gifter han seg med Henrietta Victoria Balls, datter av borgermesteren i Cambridge. Hun var ikke av royal herkomst, så denne påstanden om giftemål inn i royale kretser stemmer altså ikke.

I 1864 kjøper han godset Impington Hall som nygift student. Slike gods hadde ofte store landområder, kalt «Manor». Og eierne brukte ofte tittelen «Lord of the Manor». Man mener i England at Bamford trolig likte å kalte seg lord av denne grunn. Han var altså ikke adelig og han hadde ikke noen nedarvet tittel. Om dette kjøpet vet man at han straks satte i gang med omfattende byggearbeider.

Første gang man hører om Bamford i Norge er i juli 1861. Da reiste han sammen med en Engelsmann ved navn Francis Wyndham som i 1859 hadde vært i Norge og møtt bla Jo Gjende og Petter Tronhus. Wyndham gav ut boka «Villmarksliv i Norske fjell» i april 1861. Denne handler om reisen i 1859 og er en fenomenal reiseskildring om natur og folk han møtte på sin vei. Kjente Bamford og Wyndham hverandre, eller var det boka til Wyndham som førte de to sammen? Det er nærliggende å tro at Bamford ble presentert for både Jo Gjende og Petter Tronhus på denne reisen. Bamford reiser enda en tur til Norge samme år, og en ny reise i 1863 med sin kone og to andre ektepar. Man antar at formålet med disse reisene var reinsjakt. Det er slett ikke umulig at Bamford også oppsøkte Eardly John Blackwell på Klones på noen av disse førsteturene. I 1868 så finner vi Bamford igjen i Norge da han kjøper Sikkilsdalen.

I 1869 kjøper han Søndre Nærnes og Nærnesstranden i Røyken. Hans virke i Røyken tar jeg ikke med her. Det anbefales å lese årbok for Røyken 2019 hvor Bamfords opphold der er godt beskrevet.

Kort oppsummert kan man si at Bamford bruker betydelige midler både i England og i Norge denne perioden. I tillegg gjør han flere forsøk på næringsinvesteringer.

I Norge og i Gudbrandsdalen blir Bamford omtalt som Lord Charles Bamford. Det sies at han hadde en ovenfra og ned holdning til sine Norske «venner». I Gudbrandsdalen går det historier om at han forlangte å ligge på sengebrisker der slike fantes i jaktbuene, mens fjellførerne måtte ta til takke med gulvet. Han skal en gang ha sendt bud etter Jo Gjende i Brurosten. Bamford hadde sendt med sendebudet en fin folleknavn som Jo skulle få om han ville følge med han på reinsjakt. Han skal også etter sigende ha forsøkt å skyte to dyr med ett skudd på en av disse turene. Bamford brukte lang tid på å stille på dyrene i en slik posisjon at dette var mulig. Det sies at Jo Gjende ble så lei dette, at han skjøt det ene dyret før Bamford var i posisjon. Kan det ha vært slike episoder som førte til uvennskap mellom de to. Slik jeg oppfatter Bamford og slik jeg har blitt kjent med sinnelaget til Jo Gjende, så er det ikke rart at de to røk uklar.

I 1870 kjøper Bamford Bessetra ved Øvre Sjodalsvann (Øvre Sjaadalen). I 1874 selger han både Sikkilsdalen og Bessetra til Sikkilsdalen Interessentskap. Er det tilfeldig at Petter Tronhus i 1877 blir hyret inn som Turistvert på Bessetra. Bamford må ha kjent denne fargerike gubben fra før og Petter kan således ha oppholdt seg i Bessetra før han ble turistvert. En artig kuriositet, er at Bamford kjøper Bessetra med bl.a. midler etter sin bestefars vinhandel. Når Interessentskapet selger Bessetra videre til Familien Kroepelien i 1916 er det igjen vinhandel som har generert midlene.

«Lorden» som ikke var lord dør i England 4 august 1882. Da var godset i England solgt i 1872, trolig pga pengemangel. Øvrig eiendom i Norge blir solgt i 1883 etter hans død.

Kilder:

Årbok 2019, Røyken Historielag

Sjodalen: Frå fangst til fritid

Tor Varpestuen: Skåbu

Bessheim: Frå seter til fjellstuggu i Jotunheimen

Lensmenn i Vågå

Av Gunnar Ottosen

Tittelen lensmann er kjent i Norge fra 1200-tallet, og han var ansatt av sysselmannen/kongens øverste embetsmann. Ved landloven av 1274 ble Gudbrandsdalen delt i 2 distrikter, og grensen ble trukket ved Ruste i Nord-Fron. I 1293 ble det understreket at lensmannen måtte tas ut blant «skilrike»/forstandige bønder, av god ætt og som var kjent for at de ville svare allmuen med god framferd, lov og rettsynde. Lensmannens viktigste oppgave var å ‘reka l’enit – å drive inn offentlige fordringer i distriktet, på vegne av sysselmannen. Han hadde også politimyndighet og kunne innstevne for lagmannen. I 1625 ble det bestemt at det skulle være en lensmann i hver bygd. I 1662 ble lensmannen ansatt av amtmannen, mens i dag blir ansettelse gjort av et ansettelsesråd i fylket – etter innstilling fra sorenskriver, politimester, skattefogd og vedkommende kommune.

Utgangspunktet for rekkefølgen, er fra et oppsett i Årbok for Gudbr.dalen 1979 – med noen variabler pluss tillegg.

Nr 1: Haakon Tjøstolvsson Hundorp, 1330–1332

Han var sønn av Tjøstolv Dikter på Hundorp, og muligens lensmann for hele Gudbr. dalen. E. Haugen Ættesoge I side 43 osv – sier han var lensmann for Søre delen, samme står i bygdebok S. Fron side 52.

Nr 2: Sigurd Sigurdsson, nevnes i 1333

Dette kommer frem i et brev fra Heidal, datert 7/10 1333, der det bekreftes at han var sysselmann Haftor Toressons lensmann. En plass er han koblet til Nørdre Ekre.

Nr 3: Andres/Anders Jonsson Kleppe, nevnes i 1415

Han var Halvard Alvssons lensmann i Gudbr.dalen, nordre del. En kort periode var han sysselmann, samt også nevnt lagrettemann. Han var gift med Ingebjørt Kolbjørnsdatter, trolig fra Lom. Han var sønn av Jon Andersson Kleppe. Var eier av Kleppe samt gården Staurust og andeler

i Nes og Ulstadgårdene i Lom. Han er nevnt i flere diplom fra 1419, til han nevnes som sysselmann i 1443.

Nr 4: Arne Sigurdsson Kleppe (List), nevnt 1479

Han var lensmann nordre del, og i en kort periode også sysselmann. Han var sønn av Sigurd Torsteinsson List på Kleppe, født ca 1440 og døde etter 1480. Var gift med Ingri Gudleiksdatter, som nevnes i 1470.

Nr 5: Amund NN, nevnt 1497

Lensmann nordre del. Muligens er dette Amund Wiste eller Wisdal uppigard – nevnt i 1528. I 1528 nevnes 3 Wistegarder – og på en av dem nevnes Amund Wiste – men ikke hvilken av dem.

Nr 6: Østen Tolstad, 1578–1580

Skattelister 1586 viser under Tolstad: «skatter av kannikbønder/Herre-menn – bønder – osv: «Er lensmand – og derfor skattefri, men ingen navn er nevnt.

Nr 7: Oluf Larsson Øi, 1581–1587 og 1602–1603

Oluf Larsson Ner-Øi nevnes i tredjeårsstake – der han svarer 2 dl av 4 huder, og som i 1628 lånte kongen 50 lodd sølv, mot å få 10 skind i Ner-Øi. I 1634/35 løste sonnen – Laurits Olsson inn de 10 skind med kongen for 25 riksdaler.

Nr 8: Jon Walde, 1588–1593

Pantebok Walle 1588 (Nordigard) Lendsmannen i Waage, sammen 5 lagrettmenn – deler av 2 huder i Sandbu i Waage, som Lauritz Jonsson på Dovre hadde bytt åt seg av Lauritz Knudsson på Waage mot 2 huder i Walde. Han nevnes også i landskatten 1610/1611.

Nr 9 : Eric Knudsson Ner-Øi, 1594–1595

Nevnes i jordeboksavgift for Waage sogn 22/8 1594 med flg innledning: bl.a. «en lensmand her sammensteds Erich Øi – svarer 2 dl holding av 4 huder av fru Gjørvilds gods.

Nr 10: Abraham Jacobsson Winter, 1596–1601

Nevnes i et brev 14/4 1599 fra Waage Tingstue, i forbindelse med makeskifte – samt et brev 25/5 1600 angående Heidal kirke.

Nr 11: Tord Kvarberg, 1604–1606 og 1608–1612

Tord Torsteinsson Kvarberg Uppigard, født ca 1550 døde 1621. Han var gift med Anne Eiriksdatter Bjølstad, født ca 1560. Tord Kvarberg var bruker av Uppigard Kvarberg som leilending, og han var en meget formuende mann – med eiendommer fra Dovre i nord (Killi) til Ringsaker sør (Skyberg), men hovedtyngde i Fron med samlet skyld 11 ½ hud. I ekteskapet nevnes 5 barn: 1. Oluf-overtok Kvarberg, 2. Ingelev, 3. Berit, 4. Ragnhild og 5. (ukjent navn).

Nr 12: Iver Amundsson Uppig. S.Sandbu, 1607

Han var født ca 1543/44 og døde trolig på Lesja i 1634. Han var gift med – først ei Rønnoug Lodvarsdatter, som døde 1596, og deretter med Kari Olsdatter. Familien bodde først på Harildstad til ca 1600, før de kom til Uppig. S. Sandbu. I ekteskapene var det i alt 4 + 5 barn. Han nevnes som lensmann i Vågå i 1607.

Nr 13: Svend Blossom, 1613

Svend Johannesson Nordigard Blossom, nevnes i manntallet/land-skatten 1610 og i koppskatten 1645. I 1610 nevnes han som leilending.

Nr 14: Knud Tolstad, 1614–1620 og 1628–1629

Hvem denne Knud Tolstad var, har jeg ikke funnet. Ei heller Ivar Kleiven klarte å plassere han. Han ble født ca 1550 og døde etter 1635. Noen kilder på internet kaller han Knud Christensson, men har ikke klart å bekrefte dette. Han var gift 2 ganger, og fra første ekteskap var det en sønn – Gulbrand Knudsson – som i 1618 bygslet 3 h i Tolstad. Ca 1602 ble Knud Tolstad gift igjen med enke Aagot Andersdatter Bjørnstad, som tidligere var gift med Poul Christensson Tolstad, mellom 1590–1600. I 2. ekteskap var det kun ei datter – Karen Knudsdaughter, som ca 1628 giftet seg med Poul Hansson, senere lensmann i Vågå – se nr 19.

Nr 15: Knud Holbø, nevnes 1620–1621 og 1628–1629

Knud Oluffsson Holbø, født ?, døde trolig i 1686 da det var et skifte 21/5 det året. Han var gift med Rønne Jonsdatter, som det var skifte etter i 1679, og der det nevnes 4 barn: Oluf, Jon, Knud og Rønne. Knud Oluffsson nevnes som lensmann i 1620/21 da han fikk ei bot av futen – for å ha latt en dødsdømt fange rømme fra forvaring.

Nr 16: Jon Helle, nevnes 1621

Jon Eiriksson Helle, født 1585 døde 1656. Var gift med Rønnoug d.y. Ivarsdatter Sandbu. Han var bruker av Helle før 1611 som leilending, mens han i 1615 var eier av gården. Han nevnes som lagrettemann i 1624, da han satte sitt segl under odelsmannsvallet. Skifte etter han, ble holdt på Helle i 1659 – der flg barn ble nevnt: 1. 1617 Eirik Jonsson – neste bruker, 2. Tjøstel Jonsson gm Ingebjørg Jonsdtr Kleppe, 3. Oluf Jonsson, 4. 1620 Gjøa Jonsdatter, 5. Kari Jonsdatter, gm Christen Hansson Fellese, 6. Anne Jonsdatter, gm Johannes Hansson Fellese – kom til Einarsvoll, og 7. ca 1630 Rønne Jonsdatter.

Nr 17: Jon Wiste, 1623–1626

Han nevnes i Landskatten, som leilending 1610–1620, samt som lensmann i et tingbrev fra 1627.

Nr 18: Gunnar/Gunder Fillingsø, 1627

Han nevnes i Landskatten, som leilending 1610–1620, samt som lensmann i et tingbrev fra 1627.

Nr 19: Poul Tolstad, 1630–1631

Poul Hansson Tolstad, født 1578 døde ca 1660. Han bygslet Tolstad i 1632, og var gift med Karen Knudsatter Tolstad. I ekteskapet nevnes 3 barn: 1. 1622 Marit Poulsdatter, ble gm Hans Andersson Stade, 2. Mari Poulsdatter, gm Tord Gudbrandsson Sandbu, og flyttet til gården Rødberg i Land, 3. 1625 Hans Poulsøn, overtok på Tolstad og var gm Anne Simensdatter Hegge.

Nr 20: Guttorm Hammer, 1633–1644

Guttorm Michelsson Hammer, født ca 1654, døde ca 1719. Var gift med Karri Sifuersdatter, og i et skifte 1719 nevnes 6 barn. Guttorm Hammer nevnes i garnisolskatten 1643-44, og som lensmann i et tingbrev fra Kruke i 1633.

Nr 21: Hans Fillingsø, 1645–1656

Hans Gunnarsson Fillingsø født 1593 døde 1675. Han var gift med Gunhild Olavsdatter Nerøi. Han nevnes i koppskatten 1645 som lensmann, samt i et tingbrev fra Kruke i 1646. I ekteskapet var det 4 barn: 1. 1624 Christen – neste bruker, gm Kari Jonsdatter Helle, 2. 1627 Johannes – gm Anne Jonsdatter Helle – kom til Einarsvoll, 3. 1631 Erland og 4. Gundersson.

Nr 22: Ole Wiste, 1657–1658

Ole Andersson N-Wiste, født ca 1616. Var gift med Kari Olsdatter, og i ekteskapet nevnes 2 barn: 1. 1661 Anders – overtok gården, og 2. 1664 Rolf. Et manntall på Wiste, fullgard 4 huder 1644 viser: Ole Andersson 50 år, Anders Olsson sør 3 år, Rolff Olsson sør 2 år, samt 3 tjenestefolk. Ole Wiste nevnes i et tingbrev av 17/1 1658 fra Chr.ania.

Nr 23: Lars Øi, 1659–1662

Laurits Olsson Ner-Øi, født 1609 døde 1695 (skifte). Han var gift med Rønnoug Pedersdatter Valbjør, f 1620 d etter 1695. De hadde 5 barn: 1. 1645 Erland, 2. Ivar, 3. 1648 Ole, 4. Eldri, og 5. Anne. I et skifte på Holbø nevnes bonde-lensmann Lauritz Øe, og Ner-Øi var den gang krongods.

Nr 24: Ole Holbø, 1663

Oluf Knudsson Holbø, f. ca 1599. Han var gift med Sophie Gundersdatter Valbjør. I et skifte 1675 nevnes 4 barn: 1. 1633 Knud, 2. Baard, 3. 1646 Gunder og 4. Marit.

Nr 25: Knud Holbø, 1664–1666

Knud Olsson Holbø, født 1633 døde 1700, da det er et skifte etter han. Han var gift med Rønne Jonsdatter Kleppe, og i et skifte etter henne i 1679, nevnes 4 barn: 1. Olluf, 2. Jon, 3. Knud og 4. Rønne. Knud Olsson var gift igjen med Rønnog Endresdatter Austrem.

Nr 26: Tosten Knudsson Kleppe, 1667–1685

Han var født i 1624 og døde 1700. Han var gift med Brit Tordsdatter Bjølstad, og i ekteskapet var det 5 barn: 1. Iver Torsteinsson (se nr 30), 2. 1653 Ole Torsteinsson, 3. 1659 Tord Torsteinsson, 4. 1660 Tora Torsteinsdatter og 5. Tjøstolv Torsteinsson. Torstein Knudsson nevnes som bonde-lensmann i et skifte på Holbø i 1675, og trengte en settelensmann (Knud Holbø) i 1679, da han selv var i en rettegangs-sak.

Nr 27: Iver Torsteinsson Kleppe, 1686–1690

Han var født 1652 og døde 1729 (skifte på Kleppe 27/4 1730). Han var gift med Guri Olsdatter Helle fra Dovre, f 1664 d 1751, og som sin far, var Iver Kleppe bondelensmann, som bl.a. kommer fram i et skifte på Holbø i 1686, hvor det er anført at skiftet overværes bl.a. lensmand Iver Kleppe. I ekteskapet var det 6 barn: 1) 1693 Kari, 2) 1695 Knud – overtok gården, 3) 1698 Ole, 4) 1701 Brit, 4) 1705 Mari og 6) 1707 Torstein Iversson.

Nr 28: Christen Bjørnstad, 1690–1698

«Gammel-Christen Bjørnstad». Christen Poulsøn Bjørnstad født ca 1657 (var 9 år i 1666) sønn av Poul Andersson Bjørnstad og Rønnoug Amundsdtr. Han døde ugift, og i et skifte etter han 31/3 1719 vises det at hans søsken arver.

Nr 29: Poul Tolstad, 1699–1719

Poul Hansson Tolstad, f 1652 døde 1739. Han var gift med Anne Olsdatter Rusnes, f 1678 d 1732. Han var utdannet i det militære, og ble secondløytnant. Han sluttet i militæret kort tid før 1695, og kom hjem for å overta gården, samt også stillingen som lensmann. I ekteskapet nevnes 12 barn – som i ettertid ble kalt «de tolv fra Tolstad». 1) 1695 Hans, 2) 1697 Knud, 3) 1699 Simon (ble lensmann i Fåberg), 4) Anne, 5) 1702 Kari, 6) 1705 Ragnhild, 7) 1707 Poul, 8) 1709 Mari, 9) 1710 Hans d.y. – døde 1740, 10) 1711 Mari, 11) 1715 Ole og 12) 1717 Gudbrand.

Nr 30: Einar Syversson Sønstebo/Nig. S. Sandbu), 1719–

Han nevnes en kort periode som vikar-lensmann. Han var født ca 1651 og døde Hole/Lesja i 1742. Var gift med Gunhild Pedersdatter Håkåstad og i et skifte 1727 nevnes 7 barn.

Nr 31: Simon Poulsøn Tolstad, - 1727

Han tok over vikariatet etter Einar Syversson – og deretter flyttet han til Fåberg og ble lensmann der.

Nr 32: Hans Poulsøn Tolstad, 1728–1746

Hans Poulsøn født 1695 døde 1789. Var gift med Barbro Tordsdatter Bjølstad f 1702 d 1785. Han overtok vervet etter de to vikarene i 1728, og nevnes som lensmann i et tingbrev i 1745 og 1746. I ekteskapet nevnes 5 barn: 1) 1726 Anne, 2) 1726 Guri, 3) 1736 Poul, 4) 1736 Tord, 5) 1737 Hans.

Nr 33: Poul Hansson Tolstad, 1747–1764

Han var født i 1707 og døde i oktober 1802. Var gift 1755 med Marit Povelsdatter Tofte, og det nevnes 7 barn i ekteskapet: 1) 1756 Hans, 2) 1757 Barbra, 3) 1759 Hans d.y., 4) 1761 Kari, 5) 1766 Anne, 6) 1778 Tor og 7) 1779 Guri.

Nr 34: Lars Jahrmann, 1765–1792

Lars Johannesson (Jahrmann) født på garden Jahr i Aurskog i 1740 og døde i Vågå desember 1802. Han tok etternavnet Jahrmann da han kom til Vågå og ble lensmann. Han giftet seg i 1767 med Karen Margrete Tronhuus, f 1744, datter av Jens Larsson Tronhuus. Lensmann Jahrmann fikk skjøte på Ulleberg av sin svigerfar i 1776 for 300 rd. I ekteskapet nevnes 7 barn: 1) 1767 Karen, 2) 1772 Anniken – døde 1772, 3) 1773 Jens Peter, 4) 1776 Karen Christine – døde 1779, 5) 1779 Anneche Margrethe – døde 1779, 6) 1780 Martha Christiana og 7) 1785 Gotlob.

Nr 35: Knud Trosdahl, 1793–1814

Knud Klemmetsson Trosdahl, født Lesja 1744 døde Vågå 1823. Var gift med Johanne Fredrikke Hansdatter Hvid f 1764 d 1840. Knud Trosdahl var først lensmann i Lom 1788–1792, og overlot stillingen til sin sønn i 1815. Etter 1815 var Knud Trosdahl kantor hos justisråd Playen. Barn: 1) 1788 Niels Peter, 2) 1791 Johan Clements, 3) 1792 Anders – overtok etter far sin, 4) 1793 Marius Christian, 5) 1794 Knud, 6) 1796 Maria Kristine, 7) 1797 Anne, 8) 1799 Johanne Frederica og 9) 1800 Mads Bjerregaard.

Nr 36: Anders Trosdahl, 1815–1819

Anders Knudsson Trosdahl, f Vågå 1792 døde Tautra 1854. Ble gift Vågå 1815 med Jomfru Mari Christine Wang. Barn: 1) 1816 Markus Fredrik, 2) 1818 Knud, 3) 1821 Peter Munch, 4) 1827 Christian Adolph Storm, 5) 1834 Carl Julius, 6) 1838 Jens Mathias Berbom, 7) 1840 Hermana Johanna Bolette – døde 1842, og 8) 1840 Frederikke Antonette Emilie – som også døde 1842. Etter 1820 nevnes Anders Trosdahl som kontorbetjent.

Nr 37: Ole Haagenstad, 1820–1821

Ole Poulsson Haagenstad f 1775 døde 1866. Var konstituert lensmann i 2 år. Han var gift på Dovre med Kari Tordsdatter Tofte, f 1785 d 1868. Ole Haagenstad møtte første gang på det første Storting i 1814 og var stortingsmann i mange år. I ekteskapet var det 6 barn.

Nr 38: Ole J. Staff, 1821–1831

Ole Johannesson Staff, født Ø. Toten 1789, døde Lom 1861. Ble gift i Lom kirke 1826 med Rønnog Nielsdatter Graffer, f 1802 d 1882. Han jobbet som lensmann i Vågå til ca 1831. Fra 1836 til 1842 representerte han Kristian amt på Stortinget, og er også nevnt som visesekretær i Odelstinget, og medlem av budsjettkomiteen. Han var også ordfører i Lom 1838–1846.



Nr 39: Hans Olsson Walle, 1832–1878

Hans O. Walle født på gården Walle, Østre Toten 1807 døde Vågå 1880. Han kom til Vågå i 1832, «for å bli lensmand». Den 8/4 1834 ble han gift med Kari Olsdatter Fellese f. 1810 d 1886. De bodde på Fellese i 1865/75, og i ekteskapet var det 8 barn: 1) 1835 Ole August, 2) 1837 Beata, 3) 1839 Iver Teodor, 4) 1842 Anton Wilhelm, 5) 1845 Caroline, 6) 1847 Georgine Marie, 7) 1849 Hans Olaus, og 8) 1852 Hanna Gyda.



Nr 40: Edvard A. J. Listad, 1879–1903

Edvard Andreas Johannessen Listad, født Fluberg 1843, døde Vågå 1914. Edvard Listad, var først konstituert lensmann i Nesset fra 1877–1879, og ble så lensmann i Vågå fra 1/11 1879. Mens han var i Nesset, stiftet han Nesset Sparebank, og var første kasserer. Eier av nedre Øy. Han var ugift, og døde i «Snikkerstugu» i 1914.



Nr 41: Thore O. Skjedsvold, 1883–1903?

Thore Olsen Skjedsvold, f. 1844 d 1928. Ble gift i Vågå 1882 med Ragnhild Olsdatter Pladsen f 1850 d 1929. De bodde først på S. Skjedsvold, men i 1886 kjøpte han Nordre Holen ved et auksjonskjøte. Når første barn døpes i 1883, nevnes han som lensmannsfullmektig, og i ligningen for Vågå 1902, står han som lensmann, sammen med Listad. I ekteskapet var det følgende barn: 1) 1883 Kari, 2) 1884 Ole – døde 1884, 3) 1885 Mari, 4) 1888 Marit, 5) 1890 Anne, 6) 1892 Ole.

Nr 42: John Olsen Nordahl, 1908–1930, konstit. 1904–1908

Han var født i Vågå 1861 og døde i 1948. Han gikk underoffisersskolen i Halden 1880–1883, sanitets kurser 1887–1888. Ble så «Furer» i 1888 og fanejunker i mai 1903. Tok avskjed fra militæret i 1909. Var ordfører i perioden 1902–1904, så lensmann fra 1904 til 1931. Nevnnes som formann i forliksrådet 1927 –1941. Gift i Vågå 1891 med Rønnaug Torsdatter S. Sandnes f 1861 d 1923. Han kjøpte husene på Krokum i 1898, og hadde sitt kontor der. I eteskapet var det 3 barn: 1) 1892 Ole, 2) 1894 Barbro, og 3) 1896 Kari.



Nr 43: Kristian Iversen Haugen, 1931– 1940 og 1945–1950

Han var født i N. Fron i 1883 og døde på Selsro i 1971. Han nevnes først som lensmannsbetjent på Sel, og deretter som lensmann i Østre Slidre, før han kom til Vågå. Da krigen kom til Vågå, ble han i førstningen erstattet av gardbruker Olav Råstad, før han den 1/12 1940, offisielt ble fratatt jobben. Ved krigens slutt, ble han gjeninnsatt som lensmann, til han sluttet i 1950.



Nr 44: Olav A. Råstad, 1940–1942

Han var født i 1912 og døde 1992. Han var gift i 1946 med Åsta G. Blekastad, f 1917 d 1960. Olav A. Råstad tro til i de første dagene av krigen i 1940, ved å skaffe mat til våre forsvarsstyrker. Nevnnes også etter krigen der han var aktivt med i Vågå Historielag. I ekteskapet nevnes 4 barn: 1) 1947 Arne, 2) 1949 Ivar, 3) 1953 Ågot, og 4) 1955 Magnhild.

Nr 45: Iver O. Valde (Sygard), 1942–1945

Iver Olsen Valde f. Vågå 1909 døde 1985. Var gift med Ymbjørg

Knudsdatter Odnes, f 1914 d 2003, og det nevnes 2 barn: 1) 1935 Marit, og 2) 1938 Eldri.

Nr 46: Jakob Eikenes, 1951–1961

Jakob Davidsen Eikenes, født Stryn 1904, døde Vågå 1961. Han var gift med Jensine Døsen, og det nevnes 3 barn i ekteskapet. Han ble lensmann i Gulen før krigen, men ble så arrestert, og satt i tysk fangenskap under krigen. Kom tilbake til Gulen etter krigen, og ble igjen lensmann der. Deretter lensmann i Luster en periode, før han kom til Vågå. Grunnet skader etter fangenskapet, døde han tidlig.



Nr 47: Ola Ulvolden, 1961–1986, konstit. 1950

Ola Syversen Ulvolden, født Sel 1921. Etter krigen i 1945, tok han sin utdannelse i Rikspolitiet, og var først vaktmann på Illebu/ex Grini. I 1946 fikk han jobb som underlensmann hos Kristian Haugen i Vågå. I 1950 byttet han og Haugen plass, og da Eikenes døde i 1961, søkte han og fikk lensmannsstillingen. Han ble gift med Kari Åseng f 1927, og de bodde i Vågåmo. Det nevnes 3 barn.



Nr 48: Georg Gjevre, 1986–1998

Nr 49: John Dohrn, 1998–2002

Nr 50: Sigmund Vassend, 2002–2010

Nr 51: Tor Trønnes, 2010–2018

Vågå lensmannskontor ble nedlagt i 2018, og tjenesten flyttet til Sel lensmannskontor på Otta.

Bildene fra lensmannskontoret er nå utstilt på arkivet i Ullinsvin.

Kristian Mo – ein fargerik nordhering med mange roller

Av Ola Grøsland

Kristian Moe trefte eg fyrste gongen fyrst på 1960-talet. Eg var i teneste på Nigard Kvarberg, og ein dag vi skulle inn og eta, var han komen. Ein underleg fyr, heller tarveleg kledd og litt forkomen, men likevel full av optimisme og glød. Han var behandla som ein liten hovding, så eg skjønte fort at han var spesiell. Før eg skriv meir, må eg gjera greie for kjeldene mine: Stort sett er det slik eg har opplevd det og hørt andre har fortalt. Med andre ord slett ikkje noko heilskapleg framstilling av livet til Kristian.

Spesiell ja. Han var på ein måte *Vildanden* i Nordherad, for å låne eit symbol frå Ibsen-dramaet med same tittel. Livet hans vart ulikt dei andre i grenda, eit spesielt og gåtefullt liv som han prata lite om. Han vart ein intellektuell og ein radikalar, heller upraktisk og ikkje så oppteken av jordbruk og med andre røynsler og synspunkt enn dei hine. På ein måte vart han noko skadeskoten av eit heftig liv med nedturar og oppturar. Ein outsider og original, men eit kjærkome framandelement som fascinerte mange.

Oppvekst og studietid

Han heitte eigentleg Paul Kristian Mo og levde frå 1905 til 1986. Han var frå Nordherad og var uekte fødd. Mora Ragnhild (1973–1937) var meierske ved grendaysteriet på Nigard Kvarberg, og faren var Sjugurd Dalestugun. Såleis vart han halvbror til ein kjent kunstnar i bygda, Iver Hølmo. Kristian vart såleis mest knytt til mora. Ragnhild gifta seg seinare med bror til bonden på N. Kvarberg, Iver Råstad, som var 15 år eldre enn henne og døydde ti år før.

Kristian var gåverik, og han gjekk latinlinja og tok artium på lands-gymnaset på Voss. Etter artium barst det til Oslo for studium ved universitetet. Noko usikker på fag var han nok til å begynne med,

han tenkte først på teologi, men det vart jus. Det måtte vera rundt midten av 1920-åra han kom dit. Det var ei stormfull tid politisk med mange skarpe motsetningar. Påverka av den russiske revolusjonen som byrja i 1917, vart arbeidsrørsla i Noreg stekt radikalisert. Leiinga i Arbeiderpartiet med Martin Tranmæl og Einar Gerhardsen i spissen, valde å delta i den internasjonale kommunismen. Dette skapte motkrefter, og eit mindretal som ikkje hadde sans for kommunismen, stifta Norges sosialdemokratiske parti. I 1923 gjekk Arbeiderpartiet ut av den kommunistiske verdsorganisasjonen, eller rettare sagt, vart kasta ut. Same året vart Norges kommunistiske parti stifta. Dei to arbeidarpartia slo seg saman att i 1927.

Det var nok midt i 1920-åra Kristian kom til Oslo for å studere. Samfunnsengasjert og politisk radikal som han var, vart det ikkje berre studering. Politikk og festliv tok sin del av tida, og han var aktivt med i krinsen rundt det politisk radikale tidsskriftet Mot Dag. Ein annan som var med i same krinsen, var Olav Dalgard, som vart ein venn av Kristian. Han var kjent teaterkritikar og litteraturhistorikar frå Folldal og var 7 år eldre.

Det var svært uvanleg og imponerande at ein uekte fødd gut hadde økonomisk utkomme til å gå denne vegen i dei tronge tidene som 20-åra var. Ei sparsam mor og eit par ugifte tanter på Nordigard Viste gjorde det mogleg. Lite framdrift i studiane og mange pengar som gjekk til festliv var grunnen til at slektingane Ivar Viste og Pål Mo var inne og henta han heim att til Nordherad etter berre eit par år. Såleis vart det ikkje noko fullført jus-studium med eksamen. Det er sagt at han var tynn og dels folkesky i fyrstninga etter han kom attende.

Skredesaka

Kva Kristian dreiv med etter at han kom til Vågå att og det neste tiåret veit eg ikkje så mykje om, men sikkert er det at han dreiv ein del med journalistisk arbeid. Pennefør som han var, vart det ein del slike oppdrag. Elles var han politisk engasjert og aktiv. Dette gjorde at han kunne ha ein skarp penn og var ikkje god å klå seg på i debattar og polemikk. Rundt midt på 30-talet var han formann i Vågå AP, i allfall var han formann i 1936 da Ragnvald Skrede vart vald inn som nestformann etter at han kom attende frå Rauland i 1934.

Skrede var lærar og praktiserte radikale pedagogiske prinsipp, t d samtal med enkeltelevar og seksualundervisning. Han markerte seg sterkt både som lærar og politisk, noko som skjerpa motviljen somme hadde mot han og familien. Etter kvart gjekk det rykte om at Skrede hadde seksuelt forhold til somme av jentene han hadde som elevar. Det var Kristian Mo som først informerte Skrede om rykta, og han var den mannen Skrede hadde sagt han hadde størst tillit til i Vågå. Etter kvart vart det anklage og rettssak, og Kristian vart den sentrale støttespelaren for Skrede. Kristian vitna i rettssaka og skreiv i avisar, men fekk snøgt forbod mot å vitja Skrede i fengselet og skrive om saka i avisar. Han respekterte dette og skreiv ikkje eit ord så lenge hovudforhandlingane vara. Elles var det husundersøking både heime hjå Mo og Skrede. Etter at dommen var klar, var det somme som tok til orde for at Skrede var sinnssjuk, og særleg redaktoren i avis Laagen sette fram slike påstandar. Kristian reagerte på dette og oppsøkte redaktør Høvik på vegne av både seg sjølv og familien Skrede. Dette resulterte i ei lengre avisfeide.

Etter at dommen var klar, var Kristian aktiv i arbeidet med å få teke opp att saka. Han rådde til å velja ein ny advokat, Hugo Mohn frå Gjøvik. Desse to gjorde mange intervju i Vågå, mellom anna med jentene, for å få nye bevis, utan at dei greidde å få til ny sak. Professor Otto Hageberg skriv ein god del om Kristian i boka si om R Skrede, *Svidd sjel*. Her blir han kalla Skredes våpendragar og blir bl a karakterisert slik: «Han hadde ingen familie, og det fanst dei som såg litt skeivt til han, enda han var ein uvanleg dugande mann».

Krigen

I førstnringa av krigen budde han delvis i stova i geilmunnen ved Resvold, ei stove som Rønnaug Råstad, gift med bror til Iver, åtte, og som Kristian seinare overtok. I eit skriv forfatta av fotograf Ansgar Brekke om lojaliteten sin som norsk borgar er Kristian nemnd. Han var såkalla stabs-sekretær i Vågå friviljuge korps, og såleis hadde han ei kontrollrolle. Brekke skriv at Kristian kom inn i leiligheta hans den 22. april kl 20 (i 1940) og bad han blende lyset, elles ville han bli rapportert.

Kristian var med i illegalt arbeid og var ein av dei som ikkje leverte inn radioen. Han likte nok å provosere, og ei lita historie kan illustrere det. Ein gong fekk han spørsmålet frå ein tysk soldat eller offiser om kven som ville vinne krigen. Samtala skulle vera slik: «Wer gewinnt den

Krieg?» «Die Russen und die Amerikaner», var svaret.

«Aber die sind doch nicht mit im Krieg!». «Nein, aber sie kommen mit». Radikalar, aktiv i motstandarbeid og ei provoserande framferd overfor tyskarar og nazistar gjorde at han vart arrestert og hamna i tysk fangenskap i Sachsenhausen i 1942.

Her vart han til krigen var slutt, og da kom han heim att med dei kvite bussane.

Seinare da dette var tema for ungdomskulen i Vågå og ein av bussane var her, låg han lomhard så lenge det vara.

Krigen har sett sine spor!

Journalistverksemd

Etter krigen vart Kristian først sekretær i Schei-komiteen, som laga planar

for ny kommunereform. Deretter vart han tilsett som journalist i Dagningen, og budde da i mange år på Lillehammer. Den skarpe pennen hans skapte nok både irritasjon og begeistring, men han hadde gjevande år i dølabyen. Ei stund var han au forlova med Torø Grøna frå Lom, som hadde pensjonat i byen. Her au vart han med i eit intenst festliv, noko som førte til at han vart sagt opp og slutta som journalist. I 1965 flytte han til Nigard Kvarberg, og vart buande i Nordherad resten av livet. Han budde mest i stova sør og opp for Resvold. Dei første åra her var vanskelege. Kristian var nok langt nede og hadde lite å rutte med. Eg gløymer ikkje alle breva og rekningane som flaut i vegen ovafor Resvold. Mykje låg han og ikkje henta inn posten, og mat fekk han delvis frå Kvarberg. Han hadde ikkje noko å betale rekningane med, og det gjekk så vidt at straumen vart kutta ut hos han. Dette var nok største nedturen i livet hans.



Kristian Mo som student.

Det store vendepunktet

Men så skjedde det. Olav Tøfte og Ola Kvarberg søkte om krigsinvalide-pensjon for han, og det fekk han. For alle åra etter krigen fekk han etterbetalt pensjon, så brått vart han rik! Kristian kjøpte hus og la dels om livsstilen med vanleg døgnrytme og meir nøktern bruk av t d alkohol. Han var raus og spanderte gjerne på andre, ja hjelpte også til med pengar viss det trøngst. Nå fekk han meir overskot til å følgje opp engasjementet sitt. Han var særleg aktiv i kampen mot medlemsskap i EEC i 1972 og støtta demonstrasjonar mot kraftutbygging. Det same galdt Gjendeaksjonen. Han var med og sette i gang heile aksjonen mot at familien Øvstedal skulle misse båtløyvet. Aktiv var han au i avisdebattar, for han hadde meininger om mangt, t d. kyr som gjekk ute om vinteren, krangel og slåsting mellom lokal ungdom og engelske soldatar i Lom. Han spa ikkje på krutet med satiriske bilde. *Det skal skarp lut til åt skurvåte hugu*, skreiv han om ordførar Sigurd Granrud i ein slik debatt. Det siste han skreiv om Royal Marines og den nemnde krangelen tok ikkje avisene inn! Ikkje tvil om anna enn at alt dette gav han ein politisk oppkvikkar.

Som nemnt, fekk Kristian rikeleg med pengar. Ihuga målmann som han var, gav han bort kr 200.000 til Austmannalaget. På årsmøtet på Tynset stilte han opp med to plastposar fulle med pengesetlar som han kom berande inn med i møtesalen. Langt meir synleg og oppsiktsvekkjande enn å overføre frå konto til konto!

Ord med tyngde

Kristian Mo var inga skravlebytte, men heller fåmælt. Det han sa var klårt og ofte spissformulert i form av fyndord og aforismar. Hadde det ikkje vore for kristendommen, hadde vi hatt atombomba hundre år før, hugsar eg han sa. Han melde seg ut av statskyrkja først i 1980-åra som protest mot kristen formålsparagraf i barnehagane. Elles meinte han at han hadde rett på halve vegen når han køyerde moped. Difor fylgte han gulstripa midt i vegen frå her til Malm i Trøndelag. Han vart med i Vågå SV og karakteriserte ein gong to brennevinslag slik: Eau de vie er simpelt høgrebrennevin, men Tre stjernes konjak er SV-brennevin! Ein gong spurde mor om det va sant at han var henta heim att frå Oslo i yngre år. Det er ei sannheit med modifikasjonar, var svaret.

Paul Kristian Mo døydde på Vågåheimen i 1986, og det vart skipa til ei drusteleg gravferd i humanetisk stil, visst nok den fyrste i Ottadalen. Ein interessant og original person med andre røynsler og dels andre synspunkt enn folk flest var borte. Kristian var sosial og omgjengeleg, som ikkje prata om seg sjølv og livet sitt. Diverre, kan ein seia, for han sat inne med mykje interessant stoff.



Kristian Mo i siste leveåra. Fotoutlån: Olav O. Kvarberg.

«Uppå Øyom»

Av Gunhild Valde Aasheim

Mykje har endra seg i Moom sia krigen. Eg vart fødd i G-Moen, men oss fløtte seinare åt Teiga-stugun der eg voks upp. Uppå Øyn budd Petter Øyen og tanta mi, ho Mari. Dit gjekk oss ofte. Da gjekk oss uppigjenum Breinnun, over prestgardsjordet og vassveite. Synna og neda huset sitt, messom i ei dokk ha Petter og Mari fjøset sitt. Dei hadde krytyr. Om morgonen laut dei gå ogum prestgarden og sleppe dei.

Trast synna Mari og Petter budd Einar Sørli i ei stor tvihog timbrastugu. Vegen nordover Øye gjekk millom eldhuse åt Sørlia og huse åt «fargare». E kjøm vel ihog at o Mella (Marit Hermansen) båkå i sørlieldhuse.

«Hjå fargare», som oss sa, låg millom huse åt Sørlia og Finnun. Her stod det ei timbrastugu som Petter og Mari budd i ei stund etter at det brann hjå dei. Det var Reidar Skjedsvold som kjøpte staden etter fargare. Han laga seg snekkerverkstad i desse timbrastugun.



Nordafor Mari og Petter stod det og ei lita timbrastugu. Her budd Ole Resvold med familien sin. Etter flåmen fløtte dei over Finna og litt uppi bakkane. Anton Fluguhaugen kjøpte da timbrastugu og busette seg der. Iva Nesset, onkelen hans fløtte inn her da han vart pensjonist. Iva arbeidde heile livet hjå Strand på Lillehammer. Synnafor fargaren budd Pål Øyen. Han var skreddar og sat i ein slags rullestol. Han spelte i høynnsmusikken. Denne eigedomen kjøpte Johan og Ella Bakke trur eg.

Synna alt dette her, men norda Finnstad, ha Rasmussen butikk. Han var gift med Mari. Ho var frå Sandbu. Dei budde i andre etasje oppå butikken. Dei hadde og krytyr som laut jågåst ogum prestgarden. Inna disken hjå Rasmussen sat det støtt ei kjerring og sydd firklær. Desse var det hekla rundt og brodert oppå. Dei vart kalla Rasmussen-firklæ. Mange kvinfolk i Moom gjekk i slike firklæ. Rasmussen va kjent for å vera slagferdig. Ein morgon han kom ned i butikken etter avisar var det ein som spurde: «Er duuppe?» «Nei», svara Rasmussen. «Eg er nede». Dette var nok etter at Samvirkelaget hadde overteke butikken.

Vågåmo 1939. Foto Ansgar Brekke, Vågå historielags fotoarkiv.



Å skrive Vågåmål

Av Ola Grøsland

Nokre særtrekk som byr på utfordringar

Interessa for lokale ord og uttrykk som er i mindre bruk, er stor. Facebook-sida Vågåmål har over 2000 medlemmer, og mange er aktive med innspel. Ord som *låmhaL* (lomhard; L er tjukk) og *haLtydd* (hardtydd), ei *nøgLø* (nøgle), å snu *rangsøLes*, ei *tullarfjøL* er å finne her. Å skrive dialekt utan lydskrift er ikkje enkelt, og iblant må ein ty til naudløysingar. Eg skal ta for meg nokre døme på dette. Men først litt om ord.

Dei aller fleste orda finn ein i fleire og mange dialektar, men gjerne i litt ulik form. Likevel er det slik at spesielle ord og uttrykk har halde seg levande i bestemte område, medan dei er på veg ut eller borte i andre. Det er svært få ord som er særeigne berre for Vågå, men derimot kan det vera uttrykk som er heilt lokale. Ikkje lokale berre i bygda, men òg i visse grender, familiar og heimar. Ingen pratar likt, og innan ordbruk og uttrykksmåte er det store individuelle skilnader.

Stutte rotstavingar

Det er altså ikkje fyrst og fremst ord og uttrykk som gjer talemålet i Vågå særeige. Derimot har Gudbrandsdalen med Ottadalen eit unikt særtrekk i talemålet, og dette finn vi berre her. Det gjeld Midtdalen med Ringebu og Frons-bygdene og enda meir Norddalen med Sel, Dovre og Lesja, Vågå, Lom og Skjåk. Vi er nok ikkje så merksame på det som folk utanfrå. Måten vi uttalar bygdenamna Sel og Vågå på, illustrerer fenomenet. Vi har stutt vokal og etterfølgjande konsonant i stamma på ordet, medan folk frå andre stader har lang vokal eller konsonant. Midtdalen seier Vågå som oss, men har lang vokal i Sel. På Oppdal blir det t d *Våggå* med markert g, og på Lillehammer *Vå:gå* med lang vokal. Vi seier t d ein *let* (farge), eit *låk* (lok), *hugu* (hovud) og ein *bæta* (bite) med kort staving. Talemålet i Lom og Skjåk har fleire stuttstava ord enn Vågå-målet. Dei seier t d ein *pen* (kort e, penn), *mjøL* (kort ø, stor l er tjukk) og *fjøL* (kort ø).

Vi seier t d ein let (farge), eit låk (lok), hugu (hovud) og ein bæta (bite) med kort staving. Talemålet i Lom og Skjåk har fleire stuttstava ord enn Vågå-målet. Dei seier t d ein pen (kort e, penn), mjøL (kort ø, stor l er tjukk) og fjøL (kort ø).

Dette lydsystemet har halde seg frå gammalnorsk, men berre i Gudbrandsdalen! Til og med på islandsk finst det ikkje lengre. Dei korte stavingane er opphavet til kløyvinga vi t d har i infinitiv. Endinga står ved lag etter stutt staving, det blir med andre ord jamvekt slik at endinga får meir trykk og difor held seg. Når infinitiven endar på a eller å, har vi kort staving i ordet. Høyr berre: å *væta*, *svårå*, *tålå*, *gjera*, *vera*, *låvå* osb.

Skrivemåten i norsk standardmål, bokmål og nynorsk, følgjer eit prinsipp utan stuttstavingar naturlegvis, i og med at desse er å finne berre i Gudbrandsdalen. Vi skriv å hoppe, danse, ein lapp med dobbel konsonant eller konsonantgruppe, og det signaliserer at vokalen foran er kort. Vi skriv ein hop, å skrive, ein is med enkel konsonant, og det fortel at vokalen foran er lang. Vi har med andre ord berre lange stavingar.

Her vil dei korte stavingane i talemålet t d i Vågå by på problem. Det er skrivi *Gammelbanken* og *Gammel-Kleppe* med to m-ar. Det tilseier lang og markert konsonant, men dette stemmer ikkje med talemålet. Rettast er det nok å bruke ein konsonant, altså *Gamelbanken*, sjølv om det da er lett å tenke lang foregåande vokal. Eit anna namn er *Lugumstugu*, skrive med enkle konsonantar og såleis i samsvar med uttala.

La oss ta orda *låk* (sjuk) med lang vokal, ein *låkk* (av å lokke) med lang konsonant til slutt og *låk* (lok) med stutt staving, altså både stutt vokal og stutt etterfølgjande konsonant. Her ser vi at stavingslengda skil tyding; med andre ord er det ulike morfem som dannar nye ord. Kvantiteten, altså stavingslengda, har same funksjonen som ulike bokstavar og lydar.

Kvantiteten, altså stavingslengda, har same funksjonen som ulike bokstavar og lydar.

Endingsvokalar

Ei anna utfordring med å skrive dialekt er endingsvokalar som trong e (é) og den slakke ø-æ-aktige lyden (språkhistorisk ein reduksjonsvokal

av fleire vokalar): *Bygde* er vakker. Han *bygdø* eit hus. Her er det to morfem som dannar ulike ord og såleis må skrivast ulikt. Ein måte kan vera aksent for å markere den tronge endinga, altså *bygdé*, og vanleg e i den andre. Problemet her er at det er lett å gløyme aksenten, og da blir det forvirring. Ei anna løysing er e og ø. Ikkje nokon skrivemåte er fullgod i og med at vi ikkje brukar lydkrift.

Konsonantsambandet skrive tl/sl

Som avslutning kan eg ta med ein liten kuriositet. Det gjeld skrivemåten av lyden som blir skriven tl eller sl. I Gudbrandsdalen har uttalen eit tydeleg innslag av h, såkalla preaspirasjon, altså pustelyd foran. Dette er eit særtrekk ved talemålet i dalen:, f eks. *sahkk* (adj), ein *hahtt, suhtle*.

Denne preaspirasjon er særleg tydeleg på islandsk. Skrivemåten her har valda bry, ikkje minst i samband med Vetl-Per-statuetten på Peer Gynt-stemnet. Valet har falle på *vehl*, og uttala blir da ve:l med lang vokal. Dette blir reine farsen i skriving av dialekt. I mangel på lydskrift kan ein skrive *vetl* eller *vehtl*, viss ein vil gjera preaspirasjonen tydeleg.

Utan lydskrift kan vi ikkje skrive nøyaktig slik vi uttalar. Likevel er det positivt at mange skriv dialektord. Dette viser at interessa for det lokale talemålet er sterkt.

Vågå-TV «i ei heil smørje»!

Av Elise Øyjordet

En må belågå se på inkort tå kårt når folk ska væra så tulle rumfræke. SjøL um alt va lealaust, va det hardnugje å få det te å fåttå ti da døm skulle gjera upp i omne. Det byndte å bli så hustre at døm laut væra inne, og det æ så fort å bli kløye og låk. Eille va illrymskjín og såg tusje ut så det vart kj så svært som døm hadde trudd.

Forkja sparcka på bæsckun tjuge på sju i jæschkveill, og det va brøkjåt å kåmå se fram fordi det va råtte mykky sjogg. Ho va så oheldig at ho stufte, gjekk på snårre og braut av ålbågán sin. I fleire víku måtte ho gå mæ hånde i fatle, og detta klågå ho over kjøLe lenge. Nå kunne ho kj flesa jordæple og båkå slagje storumbroð te kveillvoL på ei go stonn.

En ska få lov te å liggje tvæ og tvæ, og two og two, men ikkje tvau og tvau for dæ keinn ratt gå skrækjkjele gaLe, daserru. Men æ'u hoga så æ'u hoga.

I dag tile sat skjore på hafeilla å hakka tæLa tyting å mugje mjukbrø fra neonde sjoggen. Så drog ho på se skräne og gjekk å såg på skriu. Ho vart snurtin og purkelugum da ho stufte og slo se i hugu så ho ovæta. Snøyggar å drågå på se inkort når det kolna um kveilln.

Denna snasege lærarn fækk så huguilske da hn gjekk på skisso på hålka i førdags. Hn æ breinnande me ein striøygd si rugg og ein kvandagsle kar mæ hosso, stuttærma gænsjer og gjæLmellum. Ja heinn keinn bli maroder um'n brøkja får mykky. Hn plega nå kåmå i detta bellet her.

Dialektord og -uttrykk, til medelevar på folkehøgskulen i Alta.

Børsemaker Hans Olsen Hammerløkken

Av Eirik Haugen

Børsemaker Hans Olsen Hammerløkken fra Lalm ble født 13.09.1824. Twillingen Ole ble født dagen før. De var sønner av Ole Olsen Bjølstadeie f. 1780 og Ingeborg Hansdatter Hammereie (Hammerløkken) – så Ole Olsen giftet seg inn på Hammerløkken. Ved vielsen 1818 kaller de seg begge Hammer, så Ole hadde antagelig vært hos lensmann Anders Trosdahl på Hammer. Trosdahl og kaptein Jens Trondhuus på Sørem var forlovere. Hans var nok en evnerik mann. Foreldrene Ole Olsen og Ingeborg Hansdatter var i Hammerløkken til 1824. 1835–1842 ble de kalt Bjølstadeie, 1865 og 1875 var enken Ingeborg Hansdatter tilbake i Hammerløkken.

Besteforeldrene til børsemaker Olsen blir Ole Larsen og Brit Jonsdatter husmenn under Bjølstad. De var henholdsvis 67 og 63 år i 1801. På morsida hadde han Hans Christensen 50 år og Imbjør Guttormsdatter 40 år i Hammerløkken.

Hans Olsen hadde flyttet til Christiania – ukjent årstall. Der eide stiftsprost Rode det som het Rodeløkka. Hans Olsen kjøpte sammen med tidligere børsemaker Christoffer Nielsen og Gunder Andersen eiendommen på Rodeløkka i 1859. Det var 4750 dekar. Det er grunn til å tro at Hans Olsen hadde vært i lære hos Christoffer Nielsen fra Nittedal. Børsemakeren fra Vågå ble kalt Vågåbyggen og en periode ble Rodeløkka også kalt Vaageby. Vaagebyveien eksisterer ennå. Hans Olsen utparselerte Rodeløkka – den lå utenfor bygrensen, og derfor fikk folk lov å sette opp trehus. Innenfor bygrensen måtte det bygges i mur. Særlig bosatte mange fra landsbygda seg der. Eiendommen var en del av Dalengen gård til 1854. Det ble masse trehus på området og i 2003 var det 36000 innbyggere på området. Veksten var særlig stor 1860–1870. Noen flyttet sine hus dit.

Hans giftet seg 1864 med Nicoline Helene Andreasen. Hun var født 1846 i østre Aker. I folketellingen 1865 har de en datter Christine på 1 år. De hadde da adresse Langegaten 5 b på Rodeløkka. I 1875 bodde de i Smedgata 1, Rodeløkka Vaageby. Da er det oppført barna Olufine født 1865 Imgjørð født 1867 og Rangnild 1875. Jeg vet ikke om de fikk flere barn. Hans Olsen døde 16.12.1886. En husmannssønn som kom seg opp og fram, men i 1875 er han kalt messingstøper og ikke børsesmed.

De hadde flere ottadøler i gata i 1875. Hans Knutsen Bakken (bror til komponisten Peder Knudsen) bodde der. Han var malermester og enke-mann med en datter. Det gjorde også Rønnaug Staff fra Lom. Hun var gift med bakermester Andrias Staff. Thora Olsen født 1858 i Lom var tjenestejente hos bakeren. Nils Amundsen Staurustberget (Berg) senere Vågåmo bodde også i gata på telletidspunktet. Kanskje Nils lærte sin smedkunst i dette miljøet. Det var rikelig med håndverkere av alle slag i området. På Rodeløkka kom også de første kolonihagene.



Preststulen 14. mars 1945

Av Jon Preststulen og Eirik Haugen

14. mars 1945 var Jon (7) Anne (17) og Jørgen dei som var heime i Preststulen. På garden hadde dei teke imot motstandsmannen Hans Enstad. Han var sjef for milorg i Vågå. På snekerverkstaden hans i Vågåmo produserte dei handgranatar i smug. Dette med hjelp frå Ivo Caprino – som òg arbeidde der. Han var ein idèmakar. Hans budde i «Londdehytta» men åt og sov i Presstulen. Nå var det tid for morgenverd. Anne stirra ut vindauge og fekk sjå soldatar sør for grinda. Ho fekk varsla Hans som var i nørdre stugua, og fekk grave ned radioen i vedkassa før dei kom inn.

Urmakar og fotograf Torleif Andersen hadde teke over som milorgsjef da Hans Enstad måtte gå i dekning. Han vart truga og mishandla og teke som gissel. Han skulle vise Rinnan-banda vegen til Preststulen. Han gjekk så seint som råd, for at dei i Preststulen skulle rekke å stå opp på morgenkvisten.

Hans Enstad hadde vore ein tur til heimbygda Lesja, hjå broren Olav. Der hadde han nok røpa tilhaldsstad. Tyskarane og NS var på jakt etter Hans, og trønderen Trond Kvåle hadde besøkt Olav Enstad. Der hadde han gjeve seg ut for å vera emissær. Faktum var at han var ein fordrukke mann, som hadde drepe ein mann for brennevin. Henry Rinnan hadde berga Kvåles liv da tyskarane dødsdømte han. Kvåle var politi, frontkjempar og medlem av Rinnanbanda.

Denne morgonen da tyskarane kom til Preststulen, så var mora Eldri på Fluguhaugen. Hennar mor var sjuk. Faren Ola var på veg til Vågåmo med hest og slede. På sleden hadde han ein demonert maskinpistol i ein strisekks. Den fann ikkje tyskarane, men dei snudde Ola. Hans sat og åt da opptoget kom. Han sprang i fjøset da han vart varsla. Dette hadde dei gjerne sett – det var uråd å koma seg unna usett.

Da Rinnanbanda kom til Preststulen, så spurte dei etter Enstad. Han hadde dei ikkje sett. Jon var på veg til skulen, men vart stoppa.



Preststulen ca. 1950. Bilde fra Norske Gardsbruk 1953.

Statspoliti Gustavsen gjekk og passa på sonen Jørgen. Dei truga med å brenne ned garden. Anne gjekk i fjøset for å starte mjølkinga. Da kom ein og kravde at ho skulle gå og lage morgenverd til dei. Anne nekta, og ville mjølke fra seg kua si. Da peika dei på ho med pistol. Denne hendinga fortrengte Anne, men Jon såg det. Enstad skjønte nå at han hadde små sjanser, og han hadde tidlegare sagt at dei skulle ikkje få han levande. Iver Svare og Jørgen Spakrud kom forbi. Dei skulle til Nord-sætrene etter høy. Dei vart sett til å grave igjennom høyet i låven, for å leite etter Enstad. Olav Brennsletten kom også. Han skulle snekre ei sval. Hans Enstad kom ut ei dør, og skaut statspoliti Gustavsen så han døydde momentant. Han skaut også ein tyskar, men han traff han i låret. Deretter gjekk han inn att, og skaut seg sjølv. Det vart vill panikk da Enstad starta å skyte. Nokon hadde plassert seg på låvetaket, og dei hivde seg over mønet. Tyskarane skaut med maskingevær. På bygningane vart det merke etter dette.

Tyskaren som vart skoten, blødde fælt, men vart bandasjert. Enstad vart funne, og Kvåle tok den skadde tyskaren på ein slede og drog med Svarten (hesten). Den skadde skulle fraktast til Vågåmo.

I Øvstengbakken kjørte han av vegen, og sleden velta. Svarten var slik at han la seg når noko vart vanskeleg, og det gjorde han denne gongen òg. Kvåle sette på å skyte for å få opp att hesten. Han skaut slik at folk i grenda hørde det. Ei skåk var brotna, og han måtte få hjelp av Ola Øvsteng for å reparere dette. Han slo på ein klabb.

Tyskarane vart i Preststulen i fleire timar. Det hadde hendt at det var innom tyskarar der før, men ikkje så ofte. Men av og til var det folksamt der. Ein dag kom om lag 20 personar til Preststulen. Det var norske og britiske soldatar, men òg eit jødisk ektepar. Mange måtte sove på låven. Det vart samla inn mat fordi det kom så mange. Dagen etterpå skulle dei til Lesja. Dei som ikke hadde ski, fekk det. Men den stakkars jødiske kvinna hadde aldri gått på ski før. Dei måtte kanskje bere henne over fjellet. Soldatane la att fem kragbørser i Preststulen – dei var gøynt der, men er nå innleverert.

Tyskarane og NS-menn kom att tre dagar seinare. Da hadde Eldri kome heim, og dreiv og vaska golvet. «Og driv å strevar» sa ein til ho. «Det treng du ikkje å gjera, vi skal brenne ned alt saman.» Det gjorde dei merkeleg nok ikkje, men dei stjal eit heilt griseslakt. Dei brente ned Lundehytta som Enstad budde i. Ola Preststulen fekk ein kraftig øyredask av Stuckman i Vågå. Dette førte til dårleg hørsel – men han vart ikkje torturert. Dette skjedde hjå Harald Øverstedal – far til Harald hadde vore ordførar før krigen.

Sonen Hans Preststulen gjekk på arbeidsskulen. Han vart innkalla til AT (arbeidstropp) men ville ikkje. Ein gong kom han seg unna ved å renne av stad på ski. Seinare valde han å melde seg for lensmann Valde. Valde tok kniven hans. Valde hadde nok ikkje gjeve opp å vinne krigen, for han var hjå Ola Holen for å bøtlegge han våren 1945.

Ola Holen hadde ikkje blenda vindauge godt nok. Lensmannen ville inn, men det fekk han ikkje. «Du fæ leiggje frå de læfsa di der!» sa Ola og peika på ein stein på tunet. Der måtte han skrive. «Dø er trast åver nå....» sa Ola Holen.

Freden kom 8. mai 1945. Nordmenn, men òg mange tyskerar var glade for det. Gradvis kom alt i normalt gjenge att. Men Ola Preststulen måtte til Trondheim for å vitne i rettsaka mot Henry Rinnan. Rinnan vart dømt

for landssvik, og skoten i Trondheim i 1947. Han var født i 1915.

I 1945 var det ingen krisepsykiatri for korkje vaksne eller barn. Dei måtte bere med seg sine traume utan noko hjelp. Anne Preststulens son, Torstein, fortel at ho aldri fullt ut stola på nokon. Da ho vart gammal og dement, så besøkte han henne på Vågåheimen. Da stira ho ut og spurte: «Såg du tyskarane?» Hendelsane sette varige spor.

Krigsvåren 1940
dreiv Tor Einstulen i Skårvangen å pløgde. Han hadde fått med seg Einar Bakken til å hjelpe seg. Medan dei dreiv med pløyinga, så kom ein tysk soldat med gevær over aksla. Han kunne ikkje norsk, men hadde med seg en papirlapp. Der stod det: «Har du sett engelske soldatar? Lyg du så skyt eg deg.» Einar lo så han nesten ramla på pløya. Da gjekk soldaten vidare, kryssa bekken og gjekk til Einstulen.

Der sat gamle Ragnhild Steindalen og spann. Dei forstod ikkje kvar andre, men soldaten fant seg en stol og drog den med bortåt Ragnhild. Slik sat han å såg på spinninga til Ragnhild ei stund før han gjekk vidare.



Gravsteinen til Hans Enstad på Vågå-kyrkjegården. Foto: Knut Raastad.

Supklukka

Under krigen kom ein dag fire tyske soldatar til Uppistugu.

Anna Stasviken dreiv å laga mat, og dugurden var trast ferdig. Så gjekk ho og ringte på supklukka. Da fekk soldatane panikk, og sette opp maskingeværa sine. Dei trudde at Anna ringte etter hjelp.

Kaffe

Ivar Valbjørsløkken tente på Valbjør først på krigen, og ein dag skulle han og Tor Valbjør til setra i Griningsdalen. Tor trudd at det var att ekte kaffe på setra. Da dei læste seg inn så sa han: Nå ska åss koke åss og kaffe. Men da dei skulle smake på kaffen kom skuffelsen: Fan skjæra me va dø kje knubbelåg detta au!!!! Det vart laga kaffeerstatning av brent erter.

Datt i Skjerva

Våren 1940 gjekk Einar Haugen saman med tantene sine til Skårvangsstrene for å sjå at alt var i orden der. Dei drakk kaffe og hygga seg.

Men så såg nokon ut igjennom glaset, og der såg dei tyske tropper som masjerte nedover Dalbakken på andre sida av Skjerva. Ei tante vart livredd og den andre gaplo. Så skulle dei heim att, og Einar gjekk i tjønna for å skylle kaffekjelen. Medan han stod der, så kom det tyske soldatar også på vestsida av Skjerva. Tyskerane hadde skilt lag på Slådalen. Ein soldat hadde dutte i den kalde Skjerva, og dei hadde pakka han inn i eit ullteppe. To soldatar hadde han mellom seg. Da dei kom nedover Skjerstuljordet, fekk Anna Stasviken sjå dette opptoget. Ho såg at nokon hadde fotside klede og sprang nokså livredd inn att. «Nei nå ha døm arrestert o Gina Juland !!!» Det var nabokona.

Rasjonering

Alle kommuner hadde ei forsyningsnemnd under krigen. På rasjoneringskontoret i Vågå sat Amund Sandviken. Han delte ut rasjoneringskort på mjøl, kraftfør, kaffe, sukker, tobakk, klede og sko. Han hadde stempel for å tilvise rasjonerte varer. Bilsalget var regulert heilt til 1960.

(Foto)



Ettørnavn: *Preststulen*
 Fornavn: *Thorleif*
 Fedested: *Melhø*
 Født: *27/8 1897*
 Statsborgerlige forhold: *N.*
 Nr. *36*

(Foto)



Ettørnavn: *Preststulen*
 Fornavn: *Anne*
 Fedested: *Vågå*
 Født: *19/1 1937*
 Statsborgerlige forhold:
 Nr. *2642*

(Foto)



Ettørnavn: *Preststulen*
 Fornavn: *Eldrid*
 Fedested: *Vågå*
 Født: *4/12 1897*
 Statsborgerlige forhold: *O.*
 Nr. *1165*

(Foto)



Ettørnavn: *Preststulen*
 Fornavn: *Ola*
 Fedested: *Vågå*
 Født: *7/3 1886*
 Statsborgerlige forhold: *N.*
 Nr. *1164*

*Id-kortet til Thorleif Andersen, Anne Preststulen (Fritsvold),
 Eldrid Preststulen og Ola Preststulen.*

Litt om Knutsholet og jakt på villrein

Av Dag Aasheim

Under dei mektige Knutsholstindane, med gap mot grøne Gjende gøymer Knutsholet seg, - ein stor og skræmande brebotn der berre dei fryktlause ferdast. Gjennom tusenåra har villreinjegarar kjent området og visst om løftene og passasjane mellom fjellrekker og flyer. Breen i Knutsholet ruver stor og blå mellom dei bratte og høge fjella. Denne måtte dei utfordre som skulle inn på Skarvflya frå Gjende for å jakte. Stigninga opp frå vatnet var bratt og tung, men oppe på flyene og breane var det von om rein.

I boka si «Jægerliv» frå 1926, minnest Ludvig Lumholtz frå Fåberg, fleire djerve jaktturar på slutten av 1800-talet der Knutsholet står sentralt. På jaktturane mellom Bygdin og Gjende hadde han jamnan med seg Ivar Valdvik og Anders Valde «frå Vaage». Frå ei jakt i området i 1897 skriv han: *«Mine Vaageværinger er begge to blonde, høye og stærke karer, som kun er faa vintre over 30 aar, men begge førsterangs skyttere og jägare, fieldfolk «paa kar», kjende som faa med de vilde trakter rundt Gjende, ...»*. Frå denne turen siterer Lumholtz Ivar Valdvik der han minner Anders Valde om ei jakt nokre år tidlegare der dei to fylgte etter tre reinsbukkar opp på Store Knutsholstinden. *«Ja e ha ailder haurd um meire hail eit løfte taa dain tinde»*, sier Anders, *«saa e va sikker på e sku få skikkleg tak på dei oppaa der, men trur du inkje rainen va god te komma ner likevel på ain an sta ` daa e kom uppå høgste tinde»*. *Men Anders hvis udholdenhed som renjæger er navnspurgt, skjøt alligevel et av dyrene senere paa dagen paa bræen i Knutshollet.»*

Nokre år seinare låg Lumholtz saman med Anders Valde og Ivar Lillesæter på Gjendebu. Målet var å finne rein på Skarvflya neste dag. Frå Skarvflya har reinen to fluktvegar: Sørover ned i Leirungsdalen eller nord-/vestover gjennom eit «pass» ned på breen i Knutsholet. Anders Valde gjekk grytidleg neste morgen opp Svartdalen, vidare inn i Leirungsdalen og opp på Skarvflya frå sør. Lumholtz og Ivar Lillesæter rodde frå Gjendebu til utløpet av Knutsholåa, tok seg opp i Knutsholet



Anders Valdes foto av seg sjølv i vestre Tjønnholet.

og vidare over til Skarvflya frå nord-vest: «*Komne like opunder bræen tok vi til venstre (...). Her kom vi til en trang passage hvor der paa den ene side var oplagde stene så de dannet en lav mur, tydeligvis en skytter-anordning fra buens og pilens tidsalder, for just i passet her maatte renen frem, naar den kom skræmt fra flyen*». Jakta var vellykka. Ivar skaut ein rein på flya, og flokken rømde mot passet i sør. Her låg Anders og skaut eit dyr. Flokken snudde så og tok nordover mot passet ned i Knutsholet. Der fekk Lumholtz eit dyr.

Ludvig Lumholtz skaut sin siste villrein i Jotunheimen i 1910. Det er sagt at Anders Valde var den siste som skaut villreinen her. Dette var i 1920-åra. Sidan var det slutt.

Vi legg merke til at Lumholtz under jakta i 1897 gjer seg tankar om breane i området: «*Det er merkeligt hvor fonner og bræer minker i Jotunheimen. Der ligger en svær snebræ ned til Steinflyen, Steinflybræen, som strækker sig helt nordover til Tjernhollet midt i Leirungsdalen, men den minker aar for aar, den blir skidden og viker tilbake, det viser sig bedst paa al den nye, lyse renskurede stenur i kanten av bræen*

Knutsholet, 1933 og 2020

Av Inger Holbø

Sommeren 2016 var det utstilling av Kristen Holbøs malerier med fjellmotiv på Fjellsenteret i Lom. Blant maleriene var det tre, det første malt i 1933, som hadde motiv fra Knutsholet ved Gjende nær Gjendebu. Da Dag Inge Bakke ved Klimaparken så bildene fra Knutsholet, kommenterte han hvor mye mindre breen er i dag enn den var på 1930-tallet. Hans uttalelse gjorde at jeg fikk lyst til å komme inn til Knutsholet for å kunne se hvor forandret motivet var blitt.

Høsten 2019 markerte vi i familien, i samarbeid med Svein Olav Hoff, at det var 150 år siden Kristen Holbø ble født på Sygard Holbø i Sjårdalen 13. september 1869. Utstillingen var i huset som Anna og Kristen fikk bygd på Lillehammer i 1924. Blant de vel 500 som så utstillingen i løpet av to dager, var Jørn Kleiven, slektning av Ivar Kleiven i Vågå. Han viste ekstra interesse for det store Knutshols-bildet, og han fortalte at han hadde vært på Knutsholstind. Senere sendte han meg et forslag til turstid. Interessen for en tur til Knutsholet ble forsterket. Hyttenabo og venninne fra Sjodalen, Margit Hoen, var på utstillingen samtidig med Jørn Kleiven. Hun ble også interessert i å komme til Knutsholet.

Slik var vi i gang. Men, vi skulle ikke til Knutsholstinden. Dermed var det ikke noe alternativ for oss å gå inn Svartdalen. I 1933 rodde Kristen til elveutløpet nedenfor Knutsholet. Vi hadde på forhånd avtalt at vi kunne få båtskyss fra Gjendebu til elveutløpet med en som ville kombinere turen med fiske. Turfølget ble utvidet til fire da Asbjørn Kvarberg og Knut Raastad ga seg med. Turen oppover langs elva viste seg å bli utfordrende med 500 meter rett til værs uten sti og med svært glatte steiner på grunn av stor nedbør natten i forveien. Margit og jeg var svært takknemlig for at vi hadde følge av to fjellvante karer. Etter ca. to timer nådde vi fram til motivet fra 1933. På grunn av skodde var Leirungstindene, som kneiser midt i bakgrunnen på maleriet, borte for oss. Vi fikk derimot et klart inntrykk av breenes krymping. I tillegg gjorde været at motivet fikk en ekstra dramatisk dimensjon.



Knutsholet 2020. Foto: Knut Raastad.

Det var stor begeistring over å ha nådd målet. High five ble utvekslet, niste fortært, og på toppen av det hele trakk Asbjørn tyrived opp av sekken og gjorde opp bål i steinura. Det vesle bålet og vi turgåere utgjorde et øyeblink av mikrokosmos i den storslattede naturen i Knutsholet. Så sto nedstigningen for tur. Sannelig klarte vi den også. Det ble en tur vi kommer til å huske, som slitsom, men som tankevekkende på så mange måter. Spørsmålet er, hvorfor valgte Kristen Holbø Knutsholet som motiv. Stedet kunne ikke være godt kjent i og med at det ikke gikk sti opp dit. Kan fotografier tatt av Anders Valde, Dag Aasheims oldefar, rundt 1900 ha vært en inspirasjon?

Å gå i terrenget uten sti gir sterke inntrykk. I 1933 gikk Kristens tur til Knutsholet uten oppgått sti. Like sti-løst er det i dag. Bjørkeskogen fra Gjende og et stykke oppover er nok langt mer tilvokst i dag enn den gang. Vår utrustning for turen 3. august i 2020 fikk plass i en liten dagstursekk. Hvordan kunne Kristens oppakning ha vært med malersaker i tillegg til nødvendig proviant? Mest sannsynlig hadde han med seg en medhjelper. Oppstigningen fra elveløpet tok for oss ca. 2 timer.

Med større oppakning tok nok turen opp til motivet minst to timer i 1933. Så vidt jeg kunne bedømme, var det ikke gode forhold for camping i Knutsholet. Spørsmålet blir da hvordan kunne han komme seg til motivet og lage skisse i løpet av dagen? Alternativet måtte være at han tok turen flere dager. Uansett må det sies å være litt av en bragd, og spesielt alderen tatt i betraktning. 64 år ble regnet som en høyere alder den gang enn nå.

I 1933 var ikke klimaforandring et stort tema, slik det er i dag.

Det var det storlagne fjellmotivet med breen som skulle skildres. For oss som kan sammenligne breen på maleriet med breen slik den er i dag, kan vi se at maleriet blir et viktig innspill i klimadebatten. At nedsmeltingen har gått hurtig i de 87 årene fra bildet ble malt, kan illustreres ikke bare med breens størrelse, men også av fargesettingen. Mens maleriet har farger som tyder på at stein/fjell var dekket av lav/mose helt inntil breen, er det i dag et stort felt nedenfor breen med gråfiolette stein uten antydning til mose.



F.v. Knut Raastad, Margit Hoen,
Inger Holbø, Asbjørn Kvarberg.
Foto: Dag Valde Aasheim.



«Skarflyen, Knutshulstind, Svartdalspiggenn seet fra Rauhamrene Memuruddalen». Foto: Anders Valde.



Fremst i Knutsholet. Foto: Knut Raastad.

Med tilhold særlig på Holbø-sæteren i Sallien og i fiskebua ved nedre Sjodalsvatnet, malte Kristen fjellmotiv fra slutten av 1800-tallet. Takket være skyss med Ottadalens kommunale bilrute, som hadde begynt å kjøre til fjells, kunne han fra 1930 komme seg inn til Gjendesheim og videre med båt til Memurubu og Gjendebu. Malerier med motiv fra Steinflye, Svartdalen, Knutsholet, Russglopet, Surtingssuen, Svellnosbreen og også Fanaråken er alle fra 1930-årene. Felles for maleriene er at han gikk tett inn til motivet, og malte fjell på nært hold. Kunsthistoriker og tidligere direktør ved Lillehammer Kunstmuseum, Svein Olav Hoff, uttaler at ingen annen kunstner har, som Kristen Holbø, skildret norske fjell så nært innpå motivet. Hoff skriver i katalogen til den retrospektive utstillingen i Lillehammer Kunstmuseum i 1995: «Holbø var en fjellets mann. Han kunne oppholde seg i Jotunheimen for å male i månedsvis – langt fra folk og sivilisasjon. ...han har i liten grad vært opptatt av høye topper og kjente turistmål. Han har malt på fjellets premisser». Det var en stor opplevelse for meg å komme til bestefar Kristens motiv i Knutsholet. Det frister sterkt å oppsøke andre av Kristen Holbøs fjellmotiv i Jotunheimen, og hyggelig er det om flere vil være med!

Neste side: Kristen Holbøs maleri av Knutsholet. Foto: Inger Holbø.



M. H. Miller - 35.



Formo i Vågåmo

Av Syver Berge

Dette er skrivi til syskjenbåntreff i 2019. Overskrifta for syskjenbåntreffet er: «I besteforeldrane sine fotspor». Det var her i Vågå og på Formo det starta. Heime var det lite prat om slekta. Derfor har interessa og kunnskapen min vore så som så.

Bestemorslekta først

Eg kom for nokre år sidan over ein avisartikkkel i Dølen, skrivi i 1938 av Jo Nystugun, med overskrifta: 100 års minne sidan krigsråd Lundh vart valt til ordfører i Vågå. Etter at eg las boka med tittelen 1814 i Oppland, bønder, øvrigheit og soldatar, skrivi av professor Tore Pryser, vart eg klar over at våre slektningar har vore aktive som samfunnsformarar både lokalt og nasjonalt. Eg fekk da interesse av å sjå nærmare på dette og stilte spørsmålet: Kva var grunnen til at Lundh familien innvandra til Vågå?

For å få eit bilde av dette må vi sjå Vågå rundt 1800 års skiftet. Vågå var ei stor og rik innlandskommune med annekса Heidal og Sel. Innbyggartalet var oppunder 10.000. På denne tida var Vågå sentrum for eit forvalningsområde som omfatta Nord-Gudbrandsdalen, Fronsbygdene og ein del av Nord-Østerdalen. Gjennom ei årrekke budde sysselmannen på Sandbu. Dommarsætet (Sorenskrivaremabet) har i følgje bygdebokfattar, Ivar Teigum, vore i Vågå sidan først på 1600 talet. Den mest omtala skrivaren er sorenskrivar Henrik Jakobson Smidt. Han budde her på Sunde. Bygde opp «Sondstugu» i 3 etasjar. Det var ei «stugu» som vart namngjeten. Sorenskrivaren var styrtrik. I tillegg til dommargjerninga var han hesteoppdrettar. I 1789 kom flaumen, «storofsin». Det gjekk skred som tok med seg husa på Sunde. Fyrste etasjen på «sondstugun» gjekk med. Andre og tredje etasjen på «stugun» sto att i følgje soga etter Ivar Kleiven.

Militær kompanisjef vart plassert i Vågå. Engelskmannen Blackwell eigde Klones. Engelske lordar kom med nye impulsar. Presteembetet i Vågå var ettertrakta. Det var ein stor prestegard, som var årssikker for korndyrking. Det var fiskerett både på Flatningen og i Vågåvatnet.



Ingeborg og Syver Berge.

Det var og ei gammal kyrkje frå ca. år 1130. Forvaltaren av staten sine eigedommar, skogforvaltar med stort forvaltarområde var og plassert i Vågå. For ordens skuld kan ein nemna at rundt 1930 fekk vegkontoret for Nord-Gudbrandsdalen sete i Vågå. Dette fortel at ein «kom ikkje burt» om ein valde og busetja seg i Vågå.

Så attende til slekta

Fyrst eit attersyn over året 1814, som var eit av dei merkelegaste og kanskje det viktigaste året i Norsk historie. Vi fekk overgangen frå einevelde til folkevalt styreform. Landet vart sjølvstendig, men i union med Sverige. I 1814 hadde landet 3 kongar. Fredrik den 6., Christian Fredrik og Carl Johan den 13. Landet fekk si eige grunnlov, som er verdas nest eldste. Året starta med at kong Fredrik den 6. av Danmark såg seg tvungen til å avstå Norge til Sverige. Den danske kronprinsen Christian Fredrik motsette seg dette. Han var da regent i Norge. Han sette i gang ein aksjon for å få nordmennene til å krevja sjølvstende for landet sitt. Han ønskte og verta valt som Norges konge. Kva har dette med vår slekt og gjere? Jau, for å samle støtte gjorde Christian Fredrik ei viktig reise gjennom Oppland til Trondheim. Ein av adjutantane som han hadde med seg, var Gregers Fougner Lundh, han var bror til Andreas Molbech Lundh, «Krigsråd Lundh» som er stamfar vår her

i Vågå. På reisa si fekk Christian Fredrik prestane til å organisere «eidsavlegging» og utarbeide såkalla «adresser» til seg, som støtte til sjølvstende reisinga. I Vardal, (Gjøvik kommune i dag), møtte han slektningen vår Peder Lund.

Professor Pryser skriv slik: Forfattaren av adressa til Christian Fredrik frå Vardal, med 22 underskrifter, var den dyktige soknepresten Peder Lund. Hans formuleringar viser at han var ein glødande fedrelandsvenn. Her herska det ingen tvil om nasjonalånd og ynskje om friheit.

Sokneprest Lund kunne si historie. Han trekte trådane attende til Harald Hårfagre og Håkon den Gode, og ikkje minst prisa han at Christian Fredrik hadde sagt frå seg arveretten til Norge og at folket kunne velja han til sin konge. Hjå Lund var det innslag av moderne politisk tankegang.

Peder Gregersen Lund (1750–1836) var født i Vang på Hedemarken. Han vart sokneprest i Vardal i 1789. Han var gift med Anne Marie Fougner frå Gausdal. Tidlegare hadde Lund vore kapellan, prest i Fron. Ivar Kleiven skriv i boka «Fronsbygdin» at Lund´s slekta stammar frå adel i Åbo i Finland. Anne Marie og Peder hadde 9 born. Tre av sønene var svært aktive i arbeidet for sjølvstendereisinga.

Best kjent av sokneprest Lund sine søner var professor i økonomi Gregers Fougner Lundh (1786–1836). Alt som student i København var han ein ivrig patriot, som på latin skreiv ei oppgåve om «hvorfor har Norge ikke sitt eget nationale sprog». Som 22 år gammal løytnant hadde unge Lund delteke i krigen i 1808 mot Svenskane. Her var også krigsråden med. Da dei kom heim att gjorde dei seg fine og skreiv frå 1813 etternamnet sitt med h i Lundh, skriv professor Pryser.

Elias Lund (1789–1883) var kjent som ein dyktig ungdom. Han gifta seg til garden Føllingstad i Vardal, og vart ein dugande gardbrukar. Han var ein av dei i Vardal som skreiv under til støtte for sjølvstende reisinga. Andreas Molbech Lund (1787–1867). Andreas gjekk inn i det militære. Han steig i gradane til premieløytnant. I 1813 tok han avskjed frå det militære med tittelen «krigsråd», som er ein dansk militærtittel. Han flytta til Vågå og vart svigerson til sorenskrivar Mads Bjerregaard, som budde i Uleberg. Andreas gifta seg med Anne Marie Bjerregaard. Dei busette seg på Kremmar Sandbu. Frå her styrde han sesjonen i Nord-



Frå Formo i Vågåmo. Anders og Julie Lundh med familie ca. 1895. Framme f.v. Ingeborg, Anna på fanget til Anders, Andreas, Ragnhild på fanget til Julie. Bak f.v.: ukjend, Sverre, Helene, Petter, ukjend. Utlån foto: Kai Valbjør.

Gudbrandsdalen (kan nemne at eg var på sesjon på Kremmar Sandbu i 1957). Så vart han kontorist hjå svigerfaren Bjerregaard. Krigsråden fekk og løyve på all handel i Nord-Gudbrandsdalen. Han vart valt til den første ordføraren i Vågå i 1838. Han sat som ordførar i Vågå i 28 år. Kva låg til grunn for at Andreas Molbech Lund valde og busetje seg i Vågå? I same tidsperioda som Lundhbrørne var i København, var og bror til Anne Marie Bjerregaard der. Det var diktaren Henrik Anker Bjerregaard.

Henrik Anker Bjerregaard var også aktivt med i krigen mot svenskane i 1814. Han vart teken til fange og sat to og ein halv månad i fangenskap. Ein skal ikkje sjå bort i frå at krigsråden kjente til Anne Marie Bjerregaard før han reiste til Vågå. Kanskje var det ho som drog han til Vågå? Henrik Anker Bjerregaard vann i 1820 konkursen om fyrste nasjonal-sangen i det nye Norge, med tittelen «Sønner av Norge». Professor Pryser skriv også at vagværen Bjerregaard var ein pådrivar når det gjaldt å feire 17. mai i Kristiania. Saman med Henrik var også Gregers Fougnar Lundh. Dette skjedde faktisk fem år før Henrik Wergeland vart oppteken av at dagen skulle feirast. I 1826 heldt krigsråden tale i Vågå den 17. mai med sjølvdikta sang.



*Formo medan Syver Berge hadde butikk.
Foto fra Lars-Andre Storlien, Vågå historielags fotoarkiv*



Så attende til ættefar vår her i Vågå, som sat 28 år i ordførarstolen. Han var svært skrivekyndig og virka også som sekretær for formannsskapet. I årevis vart han valt som forlikskommisær. Kombinasjonen av desse verva, gjorde at han fekk såpass økonomisk utkomme at han kunne halde fram som ordførar. Eit synleg ettermæle er «Lundhstolen» i Vågåkyrkja, som er ved sida av Håkenstadstolen. Etter notat frå kyrkjetenar Hans Ødegård, var det svigerfaren til krigsråden, sorenskrivar Bjerregaard, som fekk bygd stolen. I ettertid er det krigsråden og ordføraren ein tenkjer på når det gjeld Lundhstolen i Vågåkyrkja. Det fortel noko om statusen han hadde hjå folket. Å byggje sin eigen kyrkjestol i 1830 åra, i ei kyrkje frå 1100 talet, da måtte du ha godvilje hjå folket. (For ordens skuld skal eg legge til at berre 7% av innbyggjarane hadde røysterett). Dikt som er skrivi av Krigsråd Lundh i 1860:

*Kvar dag har sin eigen plage
tenk derfor ikke tilbake på en
svunnen usæl dag.*

*Og for den dag i morgen betyng den ei med sorg,
for det må være skjæbnens sak.*

*Men når det stundom hender den lykke
gleden sender, så grip den med begge hender,
og nyt den med fulle drag.*

Andreas og Anne Marie hadde 12 born. Den som førte slekta vår vidare var Peder Halfdan Lundh (1820–1886). Han gjekk i urmakarlære i Kristiania og slo seg ned som urmakar i Vågå. Han gifta seg med Ingeborg Runningen, dotter av ein småbrukar oppe i frå «Øygardom». Dei gifta seg ikkje før Ingeborg var på veg med tredje ungen. Det var ein gut som fekk namnet Andreas Molbech Lundh (1851–1930). Han vart kalla Anders. Det var han som førde slekta vår vidare. Han gjekk i urmakarlære i Tønsberg og gifta seg med Karoline Christensen (1855–1914). Dei kom til Vågå i 1882. Anders var svert aktiv, Han var urmakar, fotograf, gardbrukar, postopnar og pensjonateigar. Det var desse to som bygde opp Formo. Bestemor vår, Ingeborg Marie Lundh, var nr. 5 i syskenflokkon. Ho vart gift med handelsbetjent Syver Berge. Dei fekk fem barn. Av dei levde fire opp. Julie døde medan dei var i Gausdal berre fire år gammal.

Bestefarslekta vår

Bergeslekta er også innflyttarar til Vågå. Båe oldeforeldra våre er frå Bøverdalen i Lom. Live Mundhjell og Erland Nyhus. Dei kjøpte Nigard

Berge i 1878. Dei fekk 9 barn. Eldste sonen, Hans, rauk uklar med faren og reiste til Amerika. Dette vart sårt. Det var lite prata om han. Bestefar vår, Syver Berge (1882–1945), var nr. 5 i syskenflokken. Året etter at han var ferdig på folkeskulen, gjekk han i lære hjå treskjeren Syver Jotun.

Syver Jotun var ikkje «kven som helst». Han deltok på verdsutstillinga i Paris i 1889 med ei utskåren spegelramme. Denne fekk han sølvmedalje for.

Far sa mang ein gong: Hadde han hatt nok skilling og fått forgylt ramma med «bladgull», hadde han fått gullmedalje. Vinteren som bestefar gjekk i lære, budde han hjå syster si, Eli i Pressmo. Ho var gift med Arnesen, som var handelsbetjent på Vågå Handelsforening. Etter eit år med treskjering, starta også bestefar på Vågå Handelsforening. Bestefar var flink og etter kvart fekk han større ansvar. Han fekk kurs og fekk ansvar for bøkene, som det står. Etter 13 år så starta han som handelsbestyrar på Vestre Gausdal Handelslag. Der var familien i 11/12 år. Far sa at dei ikkje ville reise heim til Vågå før far var ferdig med folkeskulen og hjå presten.

Reisa heim til Vågå kom nokså brått. Grunnen var nok økonomiske vanskar. Far til bestemor hadde bygd opp Formo. Det vart vanskeleg og betene gjelda. Dersom Formo skulle halde fram å vera i slekta, var det bestemor og bestefar som hadde moglegheit til å overta. Dei betalte kr. 75.000,-. Det meste av det gjekk med til å løyse inn gjeldsbrev. I tillegg til pensjonatdrifta, starta bestefar opp med handel. S.E. Berge Landhandleri. I daglegtale «Berjebue».

Bestefar var ein solid handelskar. Helsemessig var han ikkje sterkt, så etterkvart fekk han god støtte av far. Han var god i replikken. Bestemor dreiv sommarpensjonat, som det står. Dei tok inn folk i full pensjon. Ho dreiv godt, som resultat at ho fekk gifta bort alle tre døtrene deira til ingeniørar, som budde der og arbeidde ved vegkontoret for Nord-Gudbrandsdalen. På pensjonatet hadde dei mykje overnattingar av handelsreisande. Det er sagt at dei gjerne overnatta ei ekstra natt på grunn av god pleie. Bestemor fylte år den 17. mai. Hornmusikken stoppa alltid opp utanfor Formo og spelte. Etterpå vart dei innbedne på «mårgåverd». Formo var og eit småbruk, med tre kyr, ungdyr og gris. Da bestefar døde i 1945, flytta mor, far, Tor og eg til Formo. Her vart Gull født. Det vart ordna til leilegheit til bestemor. Vi budde ca. tre år på Formo før vi flytta til Sunde.

Forretningsdrifta vart bortleigd til Holø/Storlien.

Resten av historia kjenner dykk.

Den utlagte Pillarviksetra i Bøneslia

Av Vegard Veierød

I Heimfjellet, øverst i Bøneslia ovenfor Melingen, finner vi Øversetrene. Før 1850 ble de kalt for "Laingstulen", fordi det kun var gårder på Lalm som hadde seter her. Senere, på 1870-tallet ble det laget kart over setrene og da ble de kalt Ladeng-setrene, etter Lalm, som da var kalt Ladengen. På 1800-tallet begynte man å nedtegne hvilke gårder som hadde seter her. På kart fra 1832 (se Jutulen 2012) var det fire setrer, og i andre halvdel av 1800-tallet var seterarealet ytterligere delt opp til åtte setrer. I dag er ingen av setrene i drift, og bare noen få benytter dem som beitemark. To av setrene er utlagte, dvs at husene og gjerdene er fjernet.

En av de utlagte setrene var gården Pillarvik sin seter. Den lå mellom Nedre Skår og Søre Stade sine setrer. Pillarviksetra ble opparbeidet på begynnelsen av 1700-tallet og var i bruk til slutten av 1800-tallet. Det er denne jeg vil fortelle om her. Den siste brukeren av setra var Iver Knutsson Pillarviken (1831 - 96), som brukte den som sommerseter. Seterarealet var på 12 mål, med fire hus; seterstue, fjøs, melkebu og låve. Paul Kleiven skrev på 1930-tallet (*Sætre i Bøneslia. Upublisert notat i Nordalsarkivet boks 13*) at årstallene 1714 og 1833 var hugget inn over inngangsdøra på seterstua, henholdsvis året da stua ble satt opp og da den ble ombygd fra årestue til seterstue med tett tak og peis. På slutten av 1800-tallet brukte de ikke setra lenger og i 1924 fikk Pillarvik utvist nytt seterareal ved Melingen. På dette tidspunktet hadde setra i Bøneslia ligget brakk i lengre tid og var helt falt sammen og overlatt til seg selv.

I 1937 fikk nabosetra blant Øversetrene, tilhørende Nedre Skår, tillatelse av kommunen til å legge til 9 mål av kvea til den tidligere Pillarviksetra. Det medførte at plassen der låven stod, ble liggende innenfor innhegningen til Nedre Skår. Låven, som fortsatt var intakt, ble da flyttet til den nye setra til Pillarvik som de kalte Melingsmoen. De andre husene på Pillarviksetra er borte, men grunnmurene viser fortsatt hvor de stod.

Jeg har nå ryddet tunet og fått frem igjen grunnmurene. Da er det enkelt å finne ruinene etter setra og se hvor seterstua, fjøset og melkebua stod. Med tillatelse fra Vågå Fjellstyre, Statsskog og Langmorkje Allmenning, har jeg satt opp et skilt som beskriver setra og når den var i bruk. Du finner stedet ved å gå helt inn til enden av Øversetervegen, til Nedre Skår sin seter. Herfra går du opp til stien på oversiden av setrene og deretter inn til høyre. Denne stien er den tidligere veiforbindelsen mellom Øversetrenene. Den er også ryddet fram igjen. Følg stien 40–50 meter så finner du den gamle Pillarviksetra.

Det er mange utlagte setrer i Heimfjellet og antagelig er det flere i andre deler av Vågå. Kanskje er det andre som ser interessen i å bringe de fram i lyset igjen? Pillarviksetra i Bøneslia er allerede blitt et turmål for de som bruker tid i Heimfjellet.



Låven står i dag på Melingsmoen ved Melingen.

En hilsen fra Dronning Maud i 1922 til en tiåring fra Vågå

Av Ola Sandbu

I NRK TV den 16. mai 2020 var det et program hvor kongeparet viste fram Bygdø kongsgård med hageanlegget. Et lite innslag var også om dronning Mauds fjellhage, Rock Garden, som de nå hadde fått rekonstruert og viste den med bl.a mogop, som de hadde fått dyrket fram av frø samlet inn ved Prinsehytta i Sikkildalen⁽¹⁾.

I den forbindelse kan det være verdt til å minne om et brev fra 1922, til tiåringen Arne Sandbu (1912–1996) fra Vågå. Brevet er skrevet av Marit Fabritius (1890–1975), som på den tiden var hoffdame hos dronning Maud. Brevet er en overbrakt hilsen fra dronningen og en takk for at han hadde funnet en blomst til dronningen som hun hadde vært interessert i.

Arne fortalte senere at det var mogop som var etterspurt via Marit Fabritius, og siden han visste hvor den vokste, hadde han hentet en og fått den pakket inn med fuktig mose, slik at den kunne sendes til hovedstaden. Som takk hadde det kommet tilbake et brev fra slottet, med hilsen fra dronningen, og en liten lommekniv med perlemorskaft.

Dette brevet og lommekniven ble tatt godt vare på i alle år, sammen med eksamenspapirer, attestater og utmerkelser som Arne hadde fått i årenes løp.

Som de andre ungene som vokste opp på Lunde i Vågå, tilbrakte også Arne Sandbu mye tid på Russlisetra øverst i Sjodalen. Han fortalte bl.a. at han startet karrieren som «budeirull», og var med tjenestefolk og budeiene der om sommeren. Siden setra ligger rett ved veien opp mot Gjende, hvor Marit Fabritius fortsatt hadde igjen noen hytter etter at Klones var solgt, så kan nok hun ha kommet innom og pratet med kjent-folk, og nevnt dronningens ønske om fjellblomster. Marit Fabritius var også av bekjentskapskretsen til Synnøve Sandbu, som var mor til Arne.



Kristiania Slot
18 Mai 1922

Kjære Arne

Hendes Majestæt Dronningen
har sendt mig kniv til dig
og takke dig du meget for
blomstene du kom med
til hende, hun blev saa glad
glad over at faa dem!
Hende sender dig en
kniv som en liten present
du vil like og ha full bruk for.
Mange hilsner

Marit Fabritius



Teksten i brevet fra Slottet:
Kristiania Slot 18 mai 1922

Kjære Arne

Hendes majestæt Dronningen har bedt mig skrive til dig og takke dig
saar meget for blomstene du kom med til hende, hun blev saa glad over
at faa dem!

Hun sender dig en kniv som en liten present fra hende, som jeg haaber du
vil like og ha fuld bruk for.

Mange hilsner
Marit Fabritius



Johanne Haugen og Arne Sandbu.

Ved forespørsel om det fantes noen rester eller informasjon om blomsten fra Vågå til Dronning Maud, opplyste Slottsgartner Arne Senstad Guldahl⁽²⁾ at de ikke hadde noen spesifikk informasjon om den planten. Men de satte pris på opplysningen om brevet, siden det dokumenterte at dronningen var aktiv med å samle inn planter fra norske fjellområder. Videre opplysninger fra arkivarleder Sigrid Norrøne Beck ved Det Kongelige Hoff⁽²⁾ er at Marit Elisabeth Fabritius var hoffdame for Dronning Maud fra 1921 til 1928. Hun var der altså ikke fram til 1914, som det er opplyst i andre kilder. I 1928 giftet Marit Fabritius seg med den britiske marineoffiseren Victor Campbell, som var tidligere polfarer med Scott på Sydpolen og krigshelt fra første verdenskrig, og de flyttet til Canada. Etter at mannen døde flyttet så Marit Fabritius Campbell tilbake til Vågå, og bodde der resten av livet.

Marit Fabritius var arving til Klones, som hennes mor Kari Fabritius (født Blackwell) hadde etter sine foreldre. Marit regnet seg som Vågå-jente, selv om hun var født og oppvokst i Kristiania.

I folketellingen 1900 var hun bosatt i Kristiania sammen med faren, etter at moren Kari Blackwell Fabritius (1859–1898) var død. Men i 1910 er Mari Fabritius oppført som bosatt i Vågå, men med midlertidig opphold i Kristiania, rett nok ikke på samme adresse som hennes far, Johan Julius Aars Fabritius (1852–1916). I den tiden Mari Fabritius arbeidet for Dronning Maud, var hun oppført i Kristiania Adressebok som hoffrøken, bosatt på Slottet, Drammensveien 1.

Referanser:

⁽¹⁾ NRK TV-film med kongeparets omvisning på Bygdø, sendt 16. mai 2020.
<https://tv.nrk.no/program/MUHU17006020>

⁽²⁾ E-post 26. og 30. oktober 2020 fra arkivleder Sigrid Norrøne Beck,
Det kongelige hoff.

Jacquardvev

Av Eldbjørg Gården

Dette åkleet, eller bordteppe var det vel kanskje meint som, er vove i mønstra dobbeltvev på ein jacquardvevstol. Jacquardveving var ikkje vanleg i Norge, for det måtte til ein del spesialutstyr, som holkort og dragningssystem. Dette vart montert på ein vanleg vevstol. Vevstolar fanst på alle gardar i den tida. Garnet som er brukt er tynt ullgarn og det vart visst også brukta hestehår.

Det er beskreve at det var undervisning i denne vevteknikken i Trondheim i 1883. Ellers var teknikken mykje brukt nedover Europa, mest Tyskland, så mønsteret kjem nok frå der. Det er same prinsippet som damaskveving.



Åkle i Jacquardvev som eg, Eldbjørg Gården, har hatt i mi eige sidan eg var ei lita jente.

I det samme skrivet står det også at ein elev som hadde gått ut frå industriskulen starta slik opplæring på Dovre. Veiven og utstyret som vart brukt finst fortsatt i dag på Stykket, eller Øyavollen her i Vågå. Dei har teke vare på alle delane.

Mitt åkle har gått i arv i fleire generasjonar og eg fekk det eg hadde i eige av mi bestemor Else Vangsbakken Jonsgard frå Skjåk. Bestemor til mi bestemor, Ragnhild Iversdotter Holø var søster til veverska og derfor har dette åkleet vore i mi eige. Ragnhild var også registrert i manntalet i Vaage i 1873, da hadde ho vorte enke og var mellom sitt første og andre ekteskap. Ho var etter bestemor sine opplysningar også med på å veva på denne veven.

Dette fantastiske håndarbeidet vart vove på Stykket eller Øyavollen i Vaage. Anne Iversdotter Holø født 1842, som er kjent som veverska, var fødd på Øvre Holø i Skjåk. Ho vart gift med Hans Kristoffersen Hole frå Lesja (Lilletande). Dei gifta seg i 1873 og kjøpte Øyavollen, eller Stykket i Vågå og slo seg ned der. Dei fekk 7 born, ein son Kristoffer, og 6 jenter. Dei var altså tippoldeforeldre til Kristoffer Holø som eig garden i dag. Denne Anne var nok eit drivande kvinnfolk.




Anne Holø og jordmorveska hennar.

Rundt 1860-1870 reiste ho til Bergen og tok jordmorutdanning. Ho tok nok imot mange vagværar under sitt virke og var av dei få som fekk pensjon frå fylkeskassen i 1905 på kroner 60.00 Jordmorveska hennar finst også på Stykket den dag i dag.

Aase Brandal (født Fjerdinggren) oppvokse på Stykket, altså tante til dagens generasjon på garden og Anne Holøs oldebarn, kan mykje om dette. Ho veit at Anne Holø, jordmor og veverske, lærte denne vevteknikken av ei engelsk dame i Bergen under sitt opplæringsopphold til jordmoryrket. Aase meiner at det var var svært få som kunne dette, eller hadde utstyret som skulle til. Ho trur at hennar oldemor fekk tak i dette utstyret gjennom den engelske dama. Eg har nå fått opplyst at det vart produsert mange av desse kunstverka som vart vove på same veven og dei fleste av dei har vorte teke godt vare på og er like fine. Dei er i mange forskjellige fargekombinasjonar og fleire forskjellige mønster.

Aase kunne og fortelja at søster til hennar bestefar Marit, som var ugift og barnlaus, budde i ei stugu på Stykket. Ho måtte da vera ei av døtrene til Anne og Hans. Da måtte mor hennar, ho Anne ha lært henne å sette opp veven på nytt i si eiga stue, der ho produserte mange pyntekle, bordtepper og løpere. Aase var mykje hos henne som litra jente. Dette var antakeleg siste gongen dette utstyret var oppe.

Ei som Aase kalla Fru Nordgaard, var husflidslærar i Vågå, brukte ein heil vinter på å prøve å seta opp veven på nytt. Dette vart aldri vellykka, ho fekk det ikkje til å fungere. Det var også ei stor åklemönstring på Maihaugen på 1960–1970 talet, der det var utstilt av desse åkleia og det vart også samla ein del informasjon om denne teknikken. Aase seier det skulle skrivast ein artikkel om det, og kanskje er det den eg har, saman med resten av informasjonen som låg ilag med åkleet når eg fekk det. Alt dette har eg levert, så historielaget har teke vare på det ilag med åkleet.



Holkort og utstyr for jacquardvev. Alle foto: Elbjørg Gården.

Jutulen 2020, tillegg og retting

Ole Bull

Jutulen 2020 hadde ein artikkel om avduking av Ole Bullstatuetten i Ullinsvin. Johan Storm Munch har andre versjonar av ein del av det som stod der, bl.a. dette:

At Ole Bull var inspirert av Myllarguten er å setja dei faktiske forhold på hovudet, Myllarguten sa sjølv at han var ingenting utan hjelp frå Bull. Det er ikkje historisk belegg for å nærkoble halvsystrene Christine Munch og Giskens Bull. Giskens nærmest "rømde" frå Vågå i 1779, sidan familien Munch da hadde overteke prestegarden og det er ingen dokumentert forbindelse mellom halvsystrene i ettertid. Ole Bull kalla aldri Christine Munch for "tante Storm", det er ei forveksling.



Dippertjernet

I artikkelen om Dippertjernet er det eit bilde med tekstu Ola Rustom. Ola Aabakken og systera Anne Aabakken Hovden har varsle om at dette er feil, bildet er av oldefar deira Rasmus Groven 1854–1922.



Victor Mogens

Av Liv Wiborg

I artikkelen i Jutulen 2020 hadde del av et avsnitt falt ut i trykken:

12.5.45 ble han siktet for landssvik og pålagt meldeplikt. Grunnlaget var en tale han holdt i radioen i juni 1940. Talen kom etter at de allierte trakk seg ut av Narvik og Norge kapitulerte. Etter å ha fått talen godkjent av lederen av det Administrasjonsrådet som ble oppnevnt av Høyesterett i april, sa han blant annet: «at det var det største vanvidd i vår historie å opprettholde krigstilstanden med Tyskland, ofre norske verdier og norsk blod i fortsatt krig». Dessuten kritiserte han arbeiderparti-regjeringen, og slik kritikk har vist seg i ettertid, ikke å ha vært lurt av noen. To ganger ble han fengslet, og bøkene hans sendte bokhandlerne tilbake til forlagene. Nina Arkina mistet sine oppdrag og det var en massiv medieomtale. Først i juni 1949 fire år etter, falt dommen. Mogens ble frikjent, han hadde kun brukt sin yttringsfrihet og måtte frifinnnes. Men noen erstatning for disse vanskelige fire år hvor han da var utsatt for urettmessig rettsforfølgelse, fikk han ikke.



Tillegg:

Han ble siktet for landssvik allerede den 12. mai 1945 og det mens han bodde i Vågå. Regner med at ryktene om ham ikke kunne unngå å nå lensmannen/hjemmefronten der. Men i dommen hvor han ble frikjent, står blant annet at i formidlende retning, er at han hadde drevet sin egen radiostasjon i Vågå. Denne radio-stasjonen hadde formidlet illegal informasjon, altså blant annet videreforsmidlet informasjon fra de norske sendingene fra BBC.

Historisk skattejakt

Av Helene Hovden

I årevis har antikvariske gjenstandar lege på loft, i kjellarar og på ymse stabbur i varmegrader og kuldegrader, sommar som vinter. Nå blir dei samla i over 2.600 hyllemeter i det nye magasinet i Ullinsvin.

– Endeleg. Det skal bli veldig godt. Nå kan vi tematisere det vi har slik at vi kan vise det fram, seier arkivleiar Kristin Akslen Hagen som også er avdelingsleiar for Jutulheimen og folkemusikkarkivar.

Det tidkrevjande arbeidet med å flytte inn i det nye magasinet starta så smått i mars 2020. Over 3.800 registrerte gjenstandar skal få sin plass i det store reolsystemet på 2.600 hyllemeter. – Når vi byggjer opp eit magasin frå botn av prøver vi å tematisere reolane slik at det skal vera enkelt å plukke fram att for utstillingar eller nå folk er interessert i å sjå på gjenstandane, seier Hagen.

Under flytinga kom dei også over gjenstandar som ikkje har vore registrerte tidlegare. Registrator Eirik Haugen fortel at alt dei nå flytter på blir nyregistrert, fotografert og lagt ut på Digitalt Museum slik at alle kan gå inn og sjå kva ein finn i magasinet. Den dagen vi var innom hadde dei køyrt eit stort hengarlass frå det gamle arkivet til Norddalsarkivet i kjellaren på «Gammel-banken», eller biblioteket om ein vil.

Direktør i Gudbrandsdalsmusea, Øystein Rudi og arkivleiar Hagen er svært takksame for at Vågå Historielag ville bygge eit magasin i Ullinsvin. – Det er veldig bra. Her blir det oppbevart i brannsikkert rom med riktig luftfukt. Det gjer at gjenstandane held seg mykje lengre, seier Hagen. Dei har også fryser som alle tekstilar skal innom for å kvitte seg med ulumskheiter som måtte sitja i tøyet.

Det er fem- seks år sidan fyrste tanken om eit magasinbygg vart tenkt i Vågå Historielag. Etter det har det gått fort. – Det er takka vere tilgang på kapital og mange dyktige folk, seier Dag Aasheim i Vågå Historielag. Dei har planlagt tett med Gudbrandsdalsmusea under heile prosessen.



– Dei har vore med heile vegen og bestemt korleis dei ville ha det. Nå har vi fått eit magasin som er sikkert og ikkje minst som ligg i same etasje som kontora deira. Det har mykje å si for brukarvennlegheita, seier Aasheim.

I dei nye kontorlokalra har Norddalsarkivet, Folkemusikkarkivet og Gudbrandsdalsmusea fått stor lesesal som er ope for publikum ein gong i veka. Her er det også eige lydrom der ein kan spele inn musikk. Hagen trivst godt i «fjøskjellaren» i Ullinsvin, men ho skulle gjerne hatt fleire frivillige. – Vi har nokre frivillige som skannar inn bilete, men det er mykje som kunne vore gjort her på frivillig basis, oppmodar Hagen.

Haugen sveivar opp eine reolen. – Her kan det ligge 17 tonn i hyllene utan at det påverkar tyngda på sveiven. Mange av hyllene er framleis tomme, men ein gong i framtida vil alle dei 2.600 hyllemetrane vera fylt. – Vi må begynne å ta vare på nyare ting også for det skal bli historie ein gong det og, seier Hagen. Dersom nokon skal tømme eit hus og ikkje heilt veit kva dei skal kaste, stiller dei gjerne opp. – Eit par beksaumsko er søppel det, men det er ikkje søppel for eit museum, seier Haugen.

Vågå Historielag: Årsmelding 2020

Arrangement

Historielaget har i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Astrid Sæther hadde foredrag om „Ibsen og Vågå“, Johan Storm Munch om „Ole Bull og Vågå“ og OleKristian Ødegård om „Skia som var med og forme Norges selvstendighet.“ Om sommaren var det konserter med museums-spelemenn og med Bente Akslen Hagen med venner. Vidare var det foredrag av Jakup Skjedsvoll om framveksten av Skårvangen, Jon Preststulen og Eirik Haugen om krigen, Knut Arild Teigum om gamle våpen og Arild Teigen om falne dølar. Gunnar Sandbo tok ei reise gjennom Vågå med gamle postkort. Historielaget har bistått nasjonalbiblioteket om gamle spelefilmar, og i samband med dette vart spelefilmen „Liv“ vist i Jutulheimen.

Historielaget har hatt arrangement utanom Jutulheimen også. Martin Kleiven fortalte om gamle gravsteinar på kyrkjegården. Ellers vart flere planlagde arrangement avlyste p.g.a. pandemien.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Med støtte frå Norsk kulturråd og Stiftelsen UNI er det utført sikrings tiltak med alarmar og utvendig ljóssettjing. Restaurering av purkehuset er godt i gang. Ein del krattrydding og småvedlikehald er utført på dugnad. Innkjøp av robotklippar har gjordt plenslåtten enklare, tilsyn av klipparen samt kantslått m.m. er utført på dugnad.

Prestgården

Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget som har stor aktivitet der. Gudbrandsdalsmusea AS har hatt sommarutstilling

i hovudbygningen. Det er i året lagt inn elektrisk strøm i vedskålen og eldhuset. Vidare har det vore litt vedlikehald av paktarhuset som har vore brukt til kafe. Låven og fjøset har vore brukt til utstillingar.

Kommunen har prosjektleiar for å få til aktivitet i prestgarden, historielaget har delteke i utviklingsarbeidet. Kommunen er hovudaksjonær i aksjeselskapet Ullinsvin drift AS, historielaget og husflidslaget har mindre eigardelar. Det er Ullinsvin drift AS som har stått for drift av galleri og kafe. Ullinsvin hadde svært mange besökjande dette året.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, luking, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Hagen har fungert godt som ein del av tilbodet i Ullinsvin saman med utstillingane. Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Livø Hosar har leiinga av hagegruppa.

Ullinsvin AS

Det heileigde selskapet Ullinsvin AS er eigar av nybygget i prestgarden. Det er i året motteke gåveforsterking frå kulturdepartementet for gåver motteke året før til finansiering av byggjinga. Kjellaren husar museumsmagasin og arkiv, og dette er teke godt i bruk i 2020. Gudbrandsdalsmusea AS står for drifta av magasinet. Ullinsvin drift AS brukar utstillingsbygget. Ullinsvin AS har same styre som historielaget.

Laget elles

Frå årsmøtet 11. mars 2020 har styre vore dette:

styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Steinar Løkken og Elin Grev, varamedlemmar Ola Stokstad, Jens Hagen og Monika Øyen.

Det har i året vore 11 styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 430 medlemmar.

Revisorar er Astrid Sandbu og Gunnar Sandbo.

Valnemnd er Anne Grøsland, Jonny Brenden og Live Hosar.

Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.

Jens Hagen er styremedlem i Ullinsvin drift AS.

Historielaget er medlem i Gudbrandsdal historielag Dølaringen,

Knut Raastad er revisor der.



Nils Valde styrer heimesida vaagaa-historielag.org og skannar og legg ut innsamla gamle bilete. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie. Arbeidet med sæterhistorie held fram.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene



til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen vil kunne lånast ut til historielagsmedlemmar. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2020.